



## **Vestlandsforskning**

Boks 163, 6851 Sogndal

Tlf. 57 67 61 50

Internett: [www.vestforsk.no](http://www.vestforsk.no)

VF rapport 6/2004

Evaluering av "Ung i Sogn og Fjordane"

## **Del 2**

### **Prosjekta i programmet**

**Astrid Øydvin**

# VF Prosjektrapport

<b>Rapport tittel</b> Evaluering av "Ung i Sogn og Fjordane". Delrapport 2. Prosjekta i programmet	<b>Rapportnr.</b> 6/2004
	<b>Dato</b> April 2004
	<b>Gradering</b> Åpen
<b>Prosjekttittel</b> Evaluering av "Ung i Sogn og Fjordane"	<b>Tal sider</b>
	<b>Prosjektnr</b>
<b>Forskarar</b> Astrid Øydvin	<b>Prosjektansvarleg</b> Berit Bringedal
<b>Oppdragsgjevar</b> Sogn og Fjordane fylkeskommune	<b>Emneord</b> Ungdomstiltak Ung i Sogn og Fjordane Evaluering
<b>Samandrag</b> Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennomført ei stor satsing på tiltak for barn og unge i fylket. Rapporten er ei kartlegging av aktivitetane i satsinga, og er ei deskriptiv analyse av prosjekta i programmet. Den gjer greie for organisasjon, økonomi, søknadar og samarbeidspartnarar i kommunane. Vi går nærare inn i tema i tre kommunar, og ser korleis dei har gjennomført prosjekt i Ung i Sogn og Fjordane.	
<b>Andre publikasjonar frå prosjektet</b>	
<b>ISBN nr</b> ISSN: 0803-4354	<b>Pris</b>

## Innhald

<b>1. SAMANDRAG FOR DELRAPPORT 2</b> .....	<b>4</b>
1.1 MATERIALE SOM GRUNNLAG FOR PRESENTASJONEN AV PROGRAM OG PROSJEKT.....	5
1.2 UTVAL PÅ KOMMUNAR.....	5
<b>2 PROGRAMMET UNG I SOGN OG FJORDANE</b> .....	<b>6</b>
2.1 ORGANISERING .....	6
2.2 GJENNOMFØRING AV PROGRAMMET.....	6
2.3 MODELL.....	7
<b>3. OFFENTLEG UNGDOMSPOLITIKK I NOREG</b> .....	<b>8</b>
3.1 OFFENTLEG POLITIKK OG DEI UNGE SI MEDVERKNAD.....	8
3.2 ORGANISERING OG ANSVARSDELINGA .....	9
3.3 MEININGSFULLE AKTIVITETAR.....	10
<b>4. UNG I SOGN OG FJORDANE SOM PROGRAM</b> .....	<b>11</b>
4.1 PROGRAMMET .....	11
4.2 PRIORITERTE OMRÅDER .....	11
4.3 HEILSKAP I SATSINGA.....	13
<b>5. SØKNAD TIL KOMMUNAL OG REGIONALDEPARTEMENTET OM MIDLAR TIL UNG I SOGN OG FJORDANE</b> .....	<b>14</b>
5.1 MÅL, MÅLGRUPPE OG UNGDOMSDELTAKING FOR UNG I SOGN OG FJORDANE.....	14
DET OVERORDNA MÅLET BÅDE I UNGDOMSPLEANEN OG FOR PROGRAMARBEIDET ER FORMULERT SLIK: .....	14
5.2 INNHOLD I UNG I SOGN OG FJORDANE .....	15
<b>6. PROSJEKTA I KVART PROGRAMOMRÅDE</b> .....	<b>16</b>
6.1 ARBEID .....	16
6.2 UTDANNING OG KOMPETANSE.....	18
6.3 KOLLEKTIVTRANSPORT.....	20
6.4 KULTUR OG FRITID .....	21
6.5 LIVSKVALILTET, DELTAKING OG MEISTRING .....	23
<b>7. KOMMUNANE I UNG I SOGN OG FJORDANE</b> .....	<b>28</b>
<b>8. SAMARBEIDSTILTAK OG PROSJEKT FOR UNG I SOGN OG FJORDANE</b> .....	<b>32</b>
8.1 VIKTIGE SAMARBEIDSPARTAR I UNG I SOGN OG FJORDANE .....	33
<b>9. PROSJEKTA I TRE UTVALDE KOMMUNAR; GLOPPEN, SOGNDAL OG LUSTER</b> .....	<b>34</b>
9.1 GLOPPEN.....	34
9.2 LUSTER .....	37
9.3 SOGNDAL .....	38
<b>10. OPPSUMMERING</b> .....	<b>40</b>

## 1. Samandrag for delrapport 2

Delrapport 1 *Evaluering av Ung i Sogn og Fjordane – Medverknad* inneheld eit samandrag for dei tre delrapportane.

Delrapport 2 *Prosjekta i programmet* er ein gjennomgang av Ung i Sogn og Fjordane som program, og ei beskriving av dei einskilde prosjekta. Rapporten kan ha fleire lesargrupper, og er meint som ein dokumentasjon som gjer det mogeleg å følgje i fotspora til denne satsinga på ungdom i fylket. Gjennomgangen er ikkje uttømmende, og ikkje alle prosjekta er like detaljert gjort greie for. Dei lesarane som er interesserte i einskildprosjekt, i organiseringa eller andre sider ved prosjektet kan ta kontakt med Sogn og Fjordane fylkeskommune enten ved å gå inn på heimesidene eller ved å ta kontakt med Emma Bjørnsen (telefon: 57825024 og e-postadresse: emma.bjornsen@sf-f.kommune.no). Her kan de få utfyllande opplysingar eller få kontakt med andre involverte i Ung i Sogn og Fjordane.

Delrapporten handlar om organisering, søknadar og samarbeidspartnarar i kommunane, økonomi osv. Den gjev oversikter, og er til dels skreve i stikkordsform. Målet har vore å lage ein rapport om offentleg ungdomspolitik som inneheld både statlege føringar ned til same politikk på grendelagsnivå. Ung i Sogn og Fjordane er eit utviklingsarbeid som skal ha rom for prøving og feiling. Ikkje alle prosjekta har vore like vellykka på den måten at dei har store brukargrupper og skal vidareførst. For å få til nokre av tiltaka har ein innsatsen vore stor både på fylkesnivå og lokalt nivå, og ungdom i samarbeid med tilsette på fylkeskommunen. Likevel har ein valt å avslutte prosjektet, dette har ein vore einige både dei unge og byråkratane. Dittnett.no er døme på dette. Resultatet var ikkje slik ein hadde venta og vona på, men det ligg betydeleg lærddom i utprøvinga og er velykka slik sett.

For at andre skal kunne gå i desse fotspora, er det nødvendig med detaljerte beskrivingar. Men i eit program med så mange temaområder og prosjekt, må ein setje ei grense for ressursane ein skal bruke til dette arbeidet.

Neste utfordring vert då å gjere val som gjer at ein får fram det som er vesentleg, og at ein er nøyaktig nok i gjennomgangen. Evalueringa vert dregen mellom å vere nøyaktig ned på detaljnivå i prosjekta og all aktiviteten på kommunenivå, utan å trøtte lesaren med opplysingar som ikkje er relevante.

Evalueringa gjev ikkje ei full oversikt over all aktiviteten i dei utvalde kommunane. Til det har prosjekta gått over for langt tid og for mange aktørar har vore involvert, og for mange tilgrensande prosjekt til at det er mogeleg å gje ei slik oversikt. Det har vore ulik rapporteringspraksis i dei einskilde prosjekta, og nokre delar av prosjekta er mangelfullt rapportert. Dette har lagt føringar på forma på denne delrapporten.

## **1.1 Materiale som grunnlag for presentasjonen av program og prosjekt**

Gjennomgangen bygger i hovudsak på desse kjeldene:

- Søknad til Kommunal og regional departementet, datert 23.09.03.
- Delplanar for Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Stortingsmelding nr. 39 (2001 – 2002) om ”Oppvekst og levekår for barn og ungdom i Noreg”
- Undervegsrapportering til departementet
- Referat frå møte i programutvalet for Ung i Sogn og Fjordane
- Økonomioversikter frå programmet
- Søknader frå lokale og regionale aktørar til programmet
- Tilsegnsbrev til lokale aktørar
- Skriftleg kommunikasjon mellom programkoordinator ved fylkeskommunen og prosjekta
- Undervegsrapportar og sluttrapportar

## **1.2 Utval på kommunar**

Evalueringa skulle i utgangspunktet gjere eit utval på prosjekt og kommunar. I praksis har dette betydd at vi har henta informantane våre frå tre kommunar: Luster, Gloppen og Sogndal.

Dette er ikkje kommunar som er meir eller mindre representative enn andre kommunar. Det er kommunar der det har vore aktivitet på mange områder, og dei fleste prosjekta i programmet har hatt aktivitet i desse kommunane. I tillegg til at det var i desse kommunane vi tok kontakt med ungdomar, systematiserte vi det skriftlege materialet vi hadde på prosjekta i desse tre kommunane. Målet var at det skulle vere ein måte å avgrense datamaterialet samstundes som vi ville kunne sjå den heilskaplege tenkinga i programmet, og samspelet mellom dei ulike prosjekta. Av ressursmessige årsaker er det først og fremst dei lokale prosjekta vi har systematisert i desse kommunane, ikkje prosjekta som er regionale. Fysisk aktivitet for barn og unge er døme på eit slikt prosjekt. Dette prosjektet har aktivitet i alle dei tre utvalde kommunane utan at det går fram i denne delrapporten.

Det skriftlege materialet gjev ei oversikt over kva mål dei ulike hadde med prosjekta sine, og dei fortel om planlagde aktivitetar. Dette presenterer vi i denne delrapporten.

## **2 Programmet Ung i Sogn og Fjordane**

### **2.1 Organisering**

Forsøksarbeidet er organisert som eit fylkesprogram med 5 programområder. Modellen er presentert nedanfor. Kvar programområde har ein ansvarleg instans som har ansvar for samordning og erfaringsutveksling mellom dei satsingsområda programområdet inneheld, og skal vere ein positiv pådrivar i arbeidet. For å ivareta dette ansvaret vert det etablert ei samordningsgruppe som skal bestå av programleiar og dei ansvarlege/prosjektleiarar for satsingsområda.


Det vert også lagt opp til erfaringsspreiing og samordning mellom temaområda. Dette skjer fyrst og fremst i programgruppa, som er møteplassen for prosjektleiarane. Nokre av prosjektleiarane har hatt ei varierende deltaking, og dette har vore eit sagn.

I 1998 vart det oppretta eit leiarforum på regionalt nivå som deltek i utviklinga av alle fylkesprogramma - "Ung i Sogn og Fjordane" vert eit av desse. Leiarforum er samansett av leiarane i statlege og fylkeskommunale etatar, KS og arbeidslivsorganisasjonane i fylket. Det er oppretta eit arbeidsutval i leiarforum, der fylkesmannen, fylkesrådmannen og leiar i KS-Sogn og Fjordane har vore medlemmer.

### **2.2 Gjennomføring av programmet**

"Ung i Sogn og Fjordane" skulle gjennomførast i ein treårsperiode - frå 1999 til 2001, men vart forlenga, og integrert i fylkesplanen for 2001-2004. Samla var programmet sett saman av 24 store og små satsingsområder. Nokre av desse er nye og ressurs-krevjande tiltak som måtte utviklast frå grunnen av. Andre var ei vidareutvikling av eksisterande tiltak, og trengde såleis ikkje like store ressursar.

## 2.3 Modell



### 3. Offentleg ungdomspolitik i Noreg

I Stortingsmelding nr. 39 (2001 – 2002) om ”Oppvekst og levekår for barn og ungdom i Noreg” finn vi dei overordna måla for barn- og ungdomspolitikken i Noreg. Eit av måla er å gje alle barn og unge likeverdige tilbod og muligheter for å utvikle seg, uavhengig av sosial bakgrunn og kvar i landet dei bur. Barn og unge skal sikrast deltaking og medansvar i samfunnet.

Dette vert formulert slik:

Stortingsmeldinga tek og opp korleis ein må sjå målet om å utvikle ein god kvardag både på samfunnsnivå og individnivå. Identitetsdanninga i ungdomstida er sentralt for å forstå kvae it godt oppvekstmiljø er. I det ligg det ei forståing av samfunnet vi har i dag som grunnleggande forskjellig frå nær fortid.

Dagens samfunn preges av mange og raske forandringar, og barn og unge vokser opp i en tid som er forskjellig fra deres foreldres. Det er større mangfold og flere muligheter, men samtidig er det mer usikkerhet og utydighet i forhold til viktige normer og verdivalg (kap 1.2)

Stortingsmelding har ei rekke sentrale utfordringsområde, dei tre som vi viser nedanfor er alle områder som er svært sentrale for Ung i Sogn og Fjordane.

- *Utdanning* er viktigere i dag enn noen gang tidligere, både for den enkelte og som drivkraft for samfunnsutviklingen. Utdanning er avgjørende som premiss for å ha individuelle valgmuligheter senere i livet. Å sikre barn og unge lik rett og likeverdige muligheter til utdanning og kvalifisering er en sentral utfordring i barne- og ungdomspolitikken. I sammenheng med dette er det også viktig at det opprettholdes en fleksibilitet i utdanningssystemene som gjør det mulig for unge mennesker å revurdere tidligere valg. Det bør bli økt fokus både på mangfold og kvalitet i utdanningstilbudet.
- *Venner og jevnaldrende* har også en sentral rolle i barn og ungdoms liv. Fellesskapet mellom jevnaldrende danner basis for samværsformer, interesser og aktiviteter. Her foregår læring og utprøving som det ofte ikke er mulig å få til sammen med voksne. Frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner og møteplasser spiller en sentral rolle både som verdiarena og i forhold til å utvikle samfunnsbevissthet og ansvarsfølelse. Her «utdannes» opinionsledere og rollemodeller som kan prege ungdomsmiljøene positivt. Samtidig finnes det ungdomsgrupper preget av negative verdier og normsett. En hovedutfordring ved utforming av fremtidens politikk for barn og unge er å legge til rette for arenaer og møteplasser som kan styrke en positiv identitetsutvikling og gi muligheter for deltaking og innflytelse. Det er tid for å løfte frem det personlige ansvar, dugnadsånden og gi den frivillige sektor bedre arbeidsvilkår.
- Barn og unge deler ikke opp virkeligheten i administrative sektorer eller faglig begrunnede ansvarsområder. En aktiv offentlig politikk overfor barn og unge må på alle nivå reflektere et *helhetssyn* og ta utgangspunkt i enkeltmenneskets og gruppens behov. En utfordring for fremtidens politikk overfor barn og unge er å sikre helhet og tydelige prioriteringer i tjenester og tilbud. Dette skal utløse og styrke det mangfold som i dag finnes av frivillig innsats, initiativ og medansvar.

Vekta som vert lagt på heilskapen i livet til dei unge er viktig. Dette er tankar som er nedfelt i Ung i Sogn og Fjordane, og dette drøfter evalueringa i delrapport 1.

#### 3.1 Offentleg politikk og dei unge si medverknad

Grunntanken i Ung i Sogn og Fjordane er at dei unge på alle nivå skal medvirke og har reell innflyting. Dette er og i tråd med statleg politikk. Det er avgjerende i politikken for barn og unge at den stimulerer til engasjement og deltaking, og gjere det mogeleg med kritisk dialog og reell yringsfridom. Barn og unge sitt aktive engasjement er avgjerande for å sikre et levende demokrati. (frå del 1, St.m. 39 (2001 – 2002))



Vidare i stortingsmeldinga står det at alle barn og unge skal sikrast muligheter til deltaking og innflyting. Dei skal ut frå sine forutsetningar og alder kunne delta aktivt i samfunnet. Som aktive medborgarar skal dei kunne ta del i reelle, demokratiske prosessar, der dei gjennom å utøve makt påvirkar eigen kvardag og motiverast for vidare deltaking i utviklinga av samfunnet.

Barn og unge deltek i dag i lokale plan- og beslutningsprosessar og får innflyting på beslutningar i mange samanhengar. Det vert slått fast at å gje barn og unge innflyting bør ikkje vere berre knytt til enkeltstående prosjekt eller saksområde. Barn og unge er sjølvstendige individ med eigne erfaringar og synspunkt som både bør bli høyrte og tekne omsyn til. Dette skal leggest til grunn for arbeid og organisering innan barne- og ungdomspolitikken generelt.

I statleg politikk er det viktig at barn og ungdom si deltaking og innflytelse i samfunnslivet vert styrka. For å sikre dette er det viktig at barn og ungdom får auka innflyting både i skule, fritid, nærmiljø og i offentlege plan- og beslutningsprosessar. Det handlar om ressursprioriteringar, om uteområder og skulevegar, om barnehage- og skoletilbod, om kultur og fritid, om helse- og sosialpolitikk - og om å sikre unge utdanning og bustad, utvikling og arbeid. Både offentlege styresmakter og frivillege organisasjonar har store utfordringar i arbeidet med å tilrettelegge for auka innflyting frå barn og ungdom.

Å sikre barn og unge sin innflyting handlar i følgje St.m.39 om å synleggjere behova deira, kartlegge interessene deira, få fram synspunkta deira og å la dei ta del i beslutningsprosessar. Dette betyr ikkje at barn og ungdom skal ta avgjersler for viktige samfunnsområde heilt på eiga hand, men at det skal takast omsyn til idear, tankar og forslag både ved planlegging, politikktutforming og i dagleg arbeid på ulike arena.

Samtidig finst det område der det kan vere aktuelt å gå eit skritt vidare i retning av å la dei unge ta avgjerslene, og i noko grad barn. Makt bør flyttast dit unge er, slik at dei oppleve å vere reelle aktørar og deltakarar i demokratiske prosessar. Derfor blir mellom anna styrking av elevdemokrati viktig. (frå 1.3.4, St.m. 39 (2001 – 2002))

### **3.2 Organisering og ansvarsdelinga**

Stortingsmelding 39 (2001 – 2002) drøftar også ansvaret for heilskapen i barne- og ungdomspolitikken. Den skal sikrast i eit samspel mellom sentrale og lokale styresmakter. Oppgåve- og ansvarsdelinga i barne- og ungdomspolitikken stiller store krav til samarbeid og samordning, både på dei einsskilte forvaltningsnivåa og mellom forvaltningsnivåa. Barn og unge sine oppvekstvilkår vert i stor grad fastsett ut frå kommunale avgjersler og gjennom kommunale tilbod og tenester. For å styrke dei lokale oppvekstmiljøa - òg for dei som treng spesiell støtte og hjelp - må offentlege institusjonar og tenester bli betre til å samarbeide og samordne verksemda si for barn og unge. Betre utnytting av ressursane er eit viktig mål i arbeidet med å vidareutvikle det lokale barne- og ungdomsarbeidet.

Men St.m. 39 (2001 – 2002) sler fast at oppvekstmiljøet for barn og unge er ikkje berre eit offentleg ansvar. Det er viktig med godt samarbeid og samspel med friville sektor, foreldre og med barn og unge sjølv. Innsatsen frå frivillege krefter og frå barn og unge sjølv er ei sentral forutsetning for utvikling av eit godt oppvekstmiljø. Frivillege organisasjonar og

grupper gjere ein stor innsats for barn og unge, både på praktiske og på haldningsskapande område. Det er viktig at barn og unge ser at det er bruk for dei og at dei får utfordringar. Her bør det offentlige stimulere til auka overføringar og regelforenklingar som gjere det lettere for frivillege krefter å nå måla sine. (frå 1.3.1, Stortingsmelding 39 (2001 – 2002))

### 3.3 Meiningsfulle aktivitetar

Dei statlege føringane for barne- og ungdomspolitikken slår vidare fast at barne- og ungdomstiden har ein verdi i seg sjølv. Samtidig er den også ei førebuing til noko som skal kome seinere i livet. Dette betyr at barne- og ungdomspolitikken må gje rom for ei aktiv og meningsfull tid. Barn og unge sin kreativitet og skapartrang, evne til kritisk tenking, verdival og engasjement må takast vare på som ein ressurs for samfunnet. Barn og unge må sikrast at dei kan utfalde seg, sikrast tid og rom for deltaking og engasjement på eigne premisser, slik at dei kan uttrykkje seg både i fellesskap med jamaldringar og med vaksne. Samtidig skal vere mogeleg for barn og unge å få kvalifisering gjennom utfordringar og opplevingar, slik at dei lærer å delta i og mestre det samfunnet dei er ein del av. Her har offentlege styresmakter eit ansvar for å legge til rette oppvekstarene slik at den einskilde kjem gjennom denne kvalifiseringsprosessen på ein god måte.

Barne- og ungdomsgruppen er svært samansett både med tanke på interesse, ønskjer og evne, men og i forhold til etnisk bakgrunn og funksjonsevne. Ein er i statleg politikk er oppteken av at forskjellar også kan vere ein ressurs både for den einskilde og for samfunnet. Samfunnet bør vere ope og inkluderande, med og gjere det mogeleg for den einskilde til å utvikle sitt eige potensiale. Ein skal praktisere likeverd, uten at alle treng å gjere eller velge det same. Skal dette skje, er det ei forutsetning at den einskilde sine evne, anlegg, behov, ønskjer og interesser vert sett i sentrum ved utforming av aktivitetar i kvardagen. Dette skal det takst omsyn til både i skolesituasjonen og i fritidsaktivitetar. Der det er ulike behov skal det vere mogeleg å gjere val. Målet er at den einskilde skal kunne utvikle seg og større toleranse for å vere ”annleis”. Initiativ og mangfold skal verdsettast. Eit viktig mål for styresmaktene er å sikre likeverd og like mulighetar for jenter og gutar. (frå 1.3.3, Stortingsmelding 39 (2001 – 2002))

## 4. Ung i Sogn og Fjordane som program

Ung i Sogn og Fjordane er resultat av plan- og tiltaksarbeid over lang tid. Planarbeidet munna ut i delplan for ungdom, og søknad til departementet om finansiering av programmet Ung i Sogn og Fjordane. Programmet var såleis eit resultat av planarbeid, tiltak og undersøkingar gjennom tiår.

### 4.1 Programmet

Ung i Sogn og Fjordane er eit omfattande arbeid sett saman av ei rekke prioriterte områder og innan desse områda ulike delprosjekt. Områda og prosjekta dekker dei fleste sidene ved ungdomane sitt liv, dette er eit gjennomgåande tema i evalueringa.

I Fylkesplanprogram for Sogn og Fjordane 2001-2004 finn dei overordna målsettingane som Ung i Sogn og Fjordane er utvikla i forhold til. ”Eit godt liv – Bu og leve” er orda som skal fortelje kva programdelen Ung i Sogn Fjordane er plassert i. Allereie i tittelen får vi meldinga om at dette handlar om heilskap, tiltaka skal omfatte heile livet til dei unge.

Det blir slått fast at fylket har gode oppvekst og levevilkår, og at mange unge vel Sogn og Fjordane som buplass. Og med grunnlag i gode nærmiljø skal Sogn og Fjordane vere ”spanande, utfordrande og internasjonalt retta fylke”.

### 4.2 Prioriterte områder

I fylkesdelplan vert områda prioriterte slik:

#### **Arbeid**

*Unge med høgare utdanning er viktig for å oppretthalde og utvikle gode tenestetilbod og utvikle kompetansen i eit framtidsretta og levedyktig næringsliv. Tilbakeflytting av ungdom er naudsynt for at lokalsamfunna kan utvikle seg positivt, og bli attraktive for folk flest.*

#### **Kollektivtransport**

*God kollektivtransport mellom sentra og utkantane er vesentlege for opplevinga av at det er greit å vekse opp i utkantane. Risikofaktorane med bilen som møteplass og transport for yngre ungdom må reduserast.*

#### **Kultur og fritid**

*Ein attraktiv ungdomskultur med band til lokalkulturen, impulsar utanfrå, gode fritidstilbod og attraktive møteplassar er viktige for å utvikle lokal identitet.*

#### **Livskvalitet, deltaking og meistring.**

*Trivsel, gode kostvanar, trygge omgivnader er viktige stikkord for ei god helse. Dei viktigaste arenaer for å utvikle sunne vanar og positive sosiale relasjonar er heimen, skulen, fritidsaktivitetar og arbeidslivet.*

### ***Utdanning og kompetanse***

*Målsettinga med programområdet er å få ein større del av ungdommen til å ta utdanning på område arbeidslivet i fylket treng. (Fylkesplanprogram 2001-2004)*

Det er viktig å merke seg at fleire av dei andre programområda også grenser inn til Ung i Sogn og Fjordane. Under same område området som Ung i Sogn og Fjordane er Folkehelse og helsesamarbeid og Kultur og nærmiljø. Begge desse områda er tematisk nær i slekt med Ung i Sogn og Fjordane. Aktivitetane krysser i fleire tilfeller grensene mellom områda, og på fylkesnivå er det mellom anna dei same aktørane som arbeider med fleire av områda og prosjekta og til dels med same aktivitetane.

Tema i dei ulike områda er overlappande, ofte med felles tematikk og mål. Det er ofte dei same aktørane på administrativt nivå som møtest og arbeider saman. Dette har vore eit overordna mål- samordning av arbeid. Tanken er at ikkje berre "eit kontor" skal jobbe med eit tema eller prosjekt, men at ein skal vite om kvarandre og forsterke innsatsen ved at fleire organisasjonar jobbar med det same med ulik innfallsvinkel/fagståstad. Aktivitetane er både like og ulike, det vil variere.

Dette har gjeve ei kjensle av samordning og oversikt. Ein har fleire gonger oppsummert på møte i programstyre at deltakarane kjende at dei var komme eit langt skritt vidare i arbeidet med å samordne både tankar og aktivitetar. Det ser og ut til at ein har fått til ei arbeidsdeling som fungerer.

Næring og Læring og Landbruk og bygdeutvikling er to andre område i planen som tematisk er utforma slik at Ung i Sogn og Fjordane har prosjekt som er relevante for å oppnå måla også i desse områda. Kontaktpunkta til Næring og Læring handlar om kompetanseheving i næring, og betring av opplæring, utvikling av entrepenørskap. Vidare er eit prioritert område her Entreprenørskap i skulen og her handlar det om

- Samarbeid skule næringsliv
- Ungdomsbedrift
- Ungt entrepenørskap

I området Landbruk og bygdeutvikling er ikkje ungdomsperspektivet så eksplisitt, men gjennom deltaking i programgruppa for Ung i Sogn og Fjordane og gjennom konkrete prosjekt, ser vi at satsing på ungdom er ein nøkkel for landbruket i fylket. Interesse i å delta aktivt har ikkje vore basert på eit økonomisk behov, men eit behov for å følgje med i det pågåande arbeidet, og å ha høve til å ta med tankar og perspektiv inn i gruppa.

Tilsvarande er ungdomen lite synleg under punktet Infrastruktur utover generelle formuleringar som "tilfredsstillende ... innbyggjarane sine behov" og under punkt om trafikkførebygging. Samstundes har transportprosjekta i Ung i Sogn og Fjordane vore av dei som vert oppfatta som mest vellykka av ungdom sjølve. Gjennomføringa har skjedd i Ung i Sogn og Fjordane, der samferdsleseksjonen har vore inkludert i arbeidet.

Poenget her er å sjå at forholdet mellom planverk og praksis i gjennomføring av Ung i Sogn og Fjordane viser at her har vore ei stor grad av utveksling av idear og samarbeid på programgruppenivå, og at dette har vore ei uttala målsetting.

Ved start på Ung i Sogn og Fjordane var fylkeskommunen igang med utviklingsarbeid på områder som på ulike måtar vart kopla til Ung i Sogn og Fjordane. Desse prosjekta og

retninga dei hadde var ei viktig ballast for Ung i Sogn og Fjordane. Det er naturleg å tenkje at dei representerte både teori og tenkjemåtar på tiltak for ungdom for sentrale personar i arbeidet. Heilt konkret utgjorde dei også ei ”tiltaksplattform” forstått som tiltak ein hadde ”rutiner” for og slik sett kunne fortsette på eit påbegynt arbeid.<sup>1</sup>

Det er ikkje automatikk i at tilsvarande utvikling skjer i kommunane. Evalueringa har ikkje systematiske data om alle kommunane og alle prosjekta på dette punktet, og skulle heller ikkje ha det. Men i systematisering av prosjektsøknadar og delvis gjennom rapportering ser ein at der har vore eit samspel mellom aktørar på lokalt nivå og mot fylkeskommunalt nivå, og at samspelet mellom dei ulike aktørane (sannsynlegvis) har vore viktig.

### **4.3 Heilskap i satsinga**

Noko av kvaliteten på satsinga har nettopp vore korleis ein gjennom programmet og einskildprosjekt i det har tenkt heilskap. Prosjekta totalt dekkjer heile livet til Silje og Kristian, dette viser det empiriske materialet vårt.

Forankringa av programmet er også basert på ei heilskapstenking, men overført til politikken: at Ung i Sogn og Fjordane er plassert i heilskaplege planar for tiltak i fylket. Fylkeskommunen er og klare på at dei ønskjer å samordne ulike aktivitet. Søknaden viser 10 ulike utviklingsprosjekt som ein ved søketidspunkt var i gang med, og som Ung i Sogn og Fjordane på ulike måtar skulle samordne aktiviteten på. Evalueringa går ikkje detaljert inn på samordninga på dette nivået, men ser at aktørane frå dei ulike prosjekta og programområda, både dei som er direkte involvert i Ung i Sogn og Fjordane og dei som har større avstand har vore representerte i programgruppa og i alle fall i den samanhengen har vore viktige premissleverandørar. Desse aktørane har i tillegg fått viktig informasjon om tiltaka – framdrift og utvikling.

Ung i Sogn og Fjordane vert definert som eit program; ei felles organisering av prosjekt og tiltak som har ein innbyrdes samheng. Programmet utgjør ei overbygning eller organisering av meir detaljerte og ofte gjennomføringsorienterte aktivitetar.

Dette var ikkje noko nytt, Sogn og Fjordane fylkeskommune hadde arbeidd programretta i fleire år. I søknaden legg dei vekt på at programarbeid krev aktiv dialog og partnerskap med brukarane og aktørar med ansvar for gjennomføringa. Partnerskap er eit formelt samarbeid mellom ulike organisasjonar som vil realisere strategisk viktige oppgåver. Gjennom partnerskap utviklar aktørane arbeidet, og inngår formelle avtalar som ansvarleggjer partnarane og som synleggjer ressursinnsatsen. Programarbeid krev systematikk både i organisering og arbeidsmetode, og fylkeskommunen har brukt mykje ressursar på å etablere rutinar og kunnskap om dette. Dette har prega arbeidet i programgruppa og i organiseringa av programmet. Både grunntenkinga og løysingane for å nå mål om tett samarbeid på tvers av etatar kan lesast i einskildprosjekta og samordninga av dei.

Programkoordinator: Fylkeskommunen v/regionalavdelinga, plan- og utviklingsseksjonen.

## 5. Søknad til Kommunal og regionaldepartementet om midlar til Ung i Sogn og Fjordane

Etter ein lang planprosess og tiltaksarbeid over ei lang periode sende fylkeskommunen søknad til KRD i mars 1999.

Søknaden vert forankra i forskjellige fylkeskommunale plandokument:

- Fylkesplan 1997-2000
- Strategiplan for helsefremmande og førebyggande arbeid
- Fylkeskulturplan
- Fylkesdelplan for ungdom

Fylkesprogrammet Ung i Sogn og Fjordane er altså forankra i sentrale føringar på dei ulike politikkområda. Det er i samsvar med overordna mål og strategiar i distriktpolitikken, og legg til grunn nasjonal politikk på område som nyskaping, førebygging, kultur og miljø. Hovedidèen var at alle gode krefter skulle gå saman for å skape best mulege vilkår i distrikta, slik at dei fleste av ungdomane våre vurderer eige fylke som reelt busettingsval.

*Fylkesplan 1997-2000* fokuserer på livskvalitet og gode kvalitetar i samfunna våre ("rosa bok"), arbeid og utdanning ("blå bok"), busetnad og infrastruktur ("raud bok) og forvaltning av miljø og naturressursar i ("grøn bok"). Det overordna målet for fylkesplanen er "Livskvalitet i Sogn og Fjordane". I det ligg å bygge på kvalitetane i lokalmiljøa, og gjere desse i stand til å møte dei utfordringar vi står overfor. Strategien er helse- og trivselsfremmande arbeid, med nærmiljø og tenesteutvikling som viktige element. Tilgjenge, deltaking og sosiale nettverk, kollektive løysingar og tenestetilbod er sentrale tema.

I *Strategiplan for helsefremmande og førebyggande arbeid (1996)* er barn og ungdom eit av fire satsingsområder. Planen føreslår konkrete førbyggande tiltak med basis i nasjonale og regionale utfordringar.

*Fylkeskulturplan 1995-2000* har barn og unge som eit av tre spesielt prioriterte områder.

*Fylkesdelplan for ungdom (1998)*. Bakgrunnen for planen var ei utvikling over mange år med stor ungdomsfråflytting, og ei forståing av at oppvekstvilkår og lokal tilknytning er viktige faktorar i denne utviklinga.

Som grunnlagsmateriale for ungdomsplanen var ei undersøking som Norsk Gallup gjennomført på oppdrag frå fylkeskommunen. Spørsmåla omhandla tema som kvifor ungdom vel utdanning og etableringsstad som dei gjer, kva vurderingar dei legg til grunn og korleis dei vurderer heimkommunen, regionen eller fylket. Vidare sa den noko om kva tiltak som kan vere viktige for at ungdomar med utdanning skal etablere seg i fylket.

### 5.1 Mål, målgruppe og ungdomsdeltaking for Ung i Sogn og Fjordane

Det overordna målet både i ungdomsplanen og for programarbeidet er formulert slik:

"Legge tilrette for auka livskvalitet og buglede i fylket, og å redusere langsiktig fråflytting".

Målgruppa var ungdom mellom 16 og 24 år, men aldersavgrensinga varr ikkje absolutt. Fleire viktige tiltak ville også nå yngre grupper.

I søknaden vert det understreka at ein har valgt å konsentrere innsatsen på områder som er spesielt viktige for å nå målet, og som utgjorde hovudsatsingsområda (sjå punktet nedanfor om Innhald i Ung i Sogn og Fjordane).

Ungdommen hadde sjølve gitt viktige innspel og korrektiv til dei programområder som er valgt, og til dei ulike tiltak områda består av. Konkret skjedde dette gjennom undervisningsopplegget "Skal det bu ungdom i Sogn og Fjordane?", i Fylkesting for ungdom i 1996 og 1998, i Ungdoms-politisk utval og gjennom høyringsuttaler i planprosessen.

Ungdom sin eigen medverknad skulle vere basis for arbeidet, både gjennom Ungdommens fylkesting, Ungdomspolitisk utval og Fylkeselevrådet. (Søknad til KRD 23.09.03:3)

## **5.2 Innhald i Ung i Sogn og Fjordane**

Programmet består av 5 programområder:

- Arbeid
- Utdanning og kompetanse  
Kollektivtransport
- Kultur og fritid
- Livskvalitet, deltaking og meistring.

Kvart programområde har fleire satsingsområder med ulikt innhald og omfang, og med ulike samarbeidspartar. Eit satsingsområde kan såleis vere eit enkelt tiltak, eks. "Ungdomskort", eller eit omfattande prosjekt som eks. "Næringsliv i skulen" med eigen prosjektleiar.

Nedanfor gjengjev vi ein kort presentasjon av innhaldet i desse områda. Vidare i rapporten er fokus på nokre få utvalde prosjekt.

## 6.PROSJEKTA I KVART PROGRAMOMRÅDE

Vi presenterer prosjekta slik dei var planlagt i søknaden til departementet. Ikkje alle prosjekta vart realiserte, ein grunn til dette var at andre aktørar allereie hadde starta opp tilsvarande prosjekt. I utviklingsarbeid vil dette vere ei normal utvikling. I gjennomgangen her tek vi med prosjekta, fordi dei fortel om heilskapen i tenkjinga tematisk. Samansetjinga gjev eit bilde av kva offentlege styresmakter, fylkeskommunen og samarbeidspartnarar, meiner det er viktig å gjere ein innsats på.

### 6.1 Arbeid

I søknaden vert det slått fast at ei hovedutfordring i programområdet er *å halde på ungdomane våre og å fremme tilbake-flytting til fylket etter endt utdanning*. Dersom utviklinga med utflytting av ungdom med høgare utdanning held fram, vil fylke tappast for ressursar, og busetnadsstrukturen vil endre seg ytterlegare i negativ lei. Tenester og tilbod som er viktig for folk i fylket vil bli redusert. Unge med høgare utdanning er viktig for å oppretthalde og utvikle gode tenestetilbod og utvikle kompetansen i eit framtidretta og levedyktig næringsliv. Fylket har bruk for den nye kompetansen unge tilegnar seg, ikkje minst innan nye utdanningsretningar for å få fram nye tenesteytande næringar som fylket idag får liten del i. Å legge tilrette for tilbakeflytting av ungdom er naudsynt for at lokalsamfunna kan utvikle seg positivt, og bli attraktive for folk flest.

På programområdet Arbeid vart desse satsingsområda prioritert:

- Marknadsanalyse av tenesteytande næringar
- Akademiske lærlingar
- Stimulere til at unge kunstnarar etablerer seg i Sogn og Fjordane
- Kompetansebase for utflytta ungdomar
- Eit godt støtteapparat rundt unge som vil skape sin eigen arbeidsplass

Fylkesarbeidskontoret er ansvarleg for sjølve programområdet Arbeid, men under her er det ulike partar som har ansvar.

#### 6.1.1 Marknadsanalyse av tenesteytande næringar

Målsetting var å få oversikt over marknadspotensialet i fylket for konsulentetableringar, etableringar i samanheng med kulturarbeid m.m. Ein viktig aktivitet i satsingsområdet var å kartlegge kva konsulenttenester offentlege og private verksemder i fylket kjøper utanfor fylket, og om desse heller kan kjøpast lokalt. Vidare var det viktig å klargjere samspelet mellom utdanningsval og næringsliv, med ein tanke om at resultatet kunne nyttast i ulike satsingsområder i programmet.

Programansvarleg: Fylkeskommunen v/plan- og utviklingsseksjonen

Samarbeidspartar: Fylkesarbeidskontoret, NHO, Sogn Regionråd og KS



Prosjektet vart ikkje gjennomført som aktivitet innan ramma av Ung i Sogn og Fjordane. Men både dette prosjektet og neste prosjekt, Akademiske lærlingar, vart arbeidd med av NHO i fylket.

### 6.1.2 Akademiske lærlingar

Målsettinga var å auke tilknytninga mellom ungdom under høgare utdanning og bedrifter i fylket. Ein ville prøve ut ordninga med akademiske lærlingar. Eit døme på dette var å la ein student brukar verksemda som case i studiet sitt, gjere aktuelle oppgåver i studietida for/i bedrifta, arbeider i bedrifta i feriane m.v. Verksemdene skulle få ein viss kompensasjon frå fylkeskommunen for å fylgje opp studenten i studietida, mot at studenten må arbeide ei viss tid i bedrifta etter avslutta utdanning.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/undervisningsavdelinga

Samarbeidspartar: NHO, KS, Fylkeskommunen v/regionalavdelinga, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn Regionråd.

Prosjektet vart gjennomført av NHO i fylket, og vart kalla Knert-prosjektet.

### 6.1.3 Stimulere til at unge kunstnarar etablerer seg i fylket

Målsettinga var å legge til rette og motivere for at unge kunstnarar vert verande i fylket eller at dei flyttar attende og etablerer seg i Sogn og Fjordane. Ein skulle skape eit attraktivt kunstformidlingsmiljø gjennom etablering av eit fylkesdekkande kunstsenter med status som knutepunktinstitusjon. Vidare skulle ein utarbeide ein samla plan for kunstformidling i fylket, og etablere ei stipendordning for unge uorganiserte kunstnarar.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga.

Samarbeidspartar: Sogn og Fjordane kunstnarsenter, kunstnarorganisasjonane, NHO, Norsk Kunstnarsenter på Dalsåsen.

Prosjektet vart ikkje gjennomført.

### 6.1.4 Kompetansebase for utflytta ungdommar

Målet var å rekruttere høgkompetent ungdom til regional arbeidsmarknad. Det skulle opparbeidast ein kompetansebase over utflytta ungdommar under utdanning eller i arbeid utanfor fylket med opplysningar om utdanningsstad, arbeidsstad, utdanningstype m.m. Gjennom denne basen kan ein kople arbeidsgjevarar i fylket og utflytta ungdom som ynskjer relevant arbeid i heimregionen. Det skulle også etablerast eit adresseregister over bedrifter på internett.

Ansvarleg: NHO

Samarbeidspartar: Kommunane, fylkeskommunen, studentlaga, Høgskulen, Sogn Regionråd, Arbeidsmarknadsetaten, Fylkesmannen v/landbruksavdelinga, Nordfjorderådet

### 6.1.5 Eit godt støtteapparat rundt unge som vil etablere sin eigen arbeidsplass

Målsettinga var å gjere det attraktivt for unge å etablere eiga bedrift i fylket ved å tilby eit godt støtteapparat. Det skulle utviklast kompetanse i rettleiingstenesta i fylke og kommune samt SND på ungdomsetablering generelt og innanfor nye tenesteytande næringar spesielt. Vidare skulle ungdomsprofilen innan Etablerarforum for kvinner styrkast, ved etablerarsentra og i produkt- og idèutviklingsprosjekt ved Sogn og Fjordane Næringsrådgeving. Å rette verkemiddelbruken i SND og BU spesielt mot unge etablerarar, og å skape nettverk for unge etablerarar var viktig.

Ansvarleg: Fylkeskommunen, regionalavdelinga

Samarbeidspartar: Etablerarkompaniet i Nordfjord, Sogn etablerarsenter, Sogn og Fjordane Næringsrådgeving, Fylkesarbeidskontoret, Fylkesmannen si landbruksavdeling, SND, Høgskulen, Etablererforum for kvinner, Fylkeskommunen v/kulturavdelinga, Nordfjorderådet.

## 6.2 Utdanning og kompetanse

Målsettinga med programområdet var å få ein større del av ungdommen til å ta utdanning på områder arbeidslivet i fylket treng. Fylkesplan for ungdom hadde valgt to strategiar for å nå målsettinga: a) yrkes- og utdanningsrettleiing og b) opplæringstilbod betre tilpassa lokal og regional arbeidsmarknad.

Ein hadde gjennom programmet eit ønske om at rettleiinga for i grunnskule og vidaregåande skule for utdannings- og yrke i større grad skulle vere basert på samarbeid mellom skule og arbeidsliv. Rettleiinga skal gje elevar eit godt grunnlag for å gjere bevisste valg med omsyn til eigne interesser og ferdigheiter ut i frå kva arbeidsplasser og potensiale for nyetableringar som finns i fylket, og kva utdanningsvegar som fører fram. Gjennom nært samarbeid mellom lokale og regionale arbeidsgjevarar i undervisning kan informasjonen tilpassast til kvar enkelt, slik at unge blir meir klar over samanhengen mellom dei utdannings- og opplæringsvala dei gjer, og sjansane til å få seg lære- og arbeidsplassar eller til å etablere si eiga verksemd. Private og offentlege verksemdar har eit ansvar for å framstå som spanande og framtidsretta arbeidsplassar for unge menneske.

Vidare må utdanningstilboda i størst muleg grad vere tilbassa det behov arbeidsmarknaden i fylket har for arbeidskraft. Kontakt mellom næringslivet og skulen/utdanningstilbodet er avgjerande for å få til slik tilpassing. Småbedriftene må få høve til å synleggjere sine behov, og om dei er eintydige kan dette vere utgangspunkt for etterutdanningstilbod.

Programleiar: Fylkeskommunen v/undervisningsavdelinga

Samarbeidspartane prioriterte desse satsingsområda:

- Næringsliv i skulen
- Utdanningstilbod tilpassa regional arbeidsmarknad

- Betre informasjon og rettleiing om yrke og utdanning til elevar i grunnskule og vidaregåande skule
- Internasjonalisering
- Ungdomar i primærnæringar

### 6.2.1 Næringsliv i skulen

Satsingsområdet omfatta i utgangspunktet dei fleste kommunane i fylket. Målsettinga var å betre forholdet mellom skulen og det lokale næringslivet, slik at elevane får eit så godt kjennskap til næringslivet som muleg når dei er ferdig med ungdomsskulen og vidaregåande skule. Entreprenørskap, partnarskapsavtale mellom skulen og lokale bedrifter, kvalitetssikring av yrkesrettleiinga og organisering av bedriftsbesøk og utplassering viktige tiltak. Etablering av elevbedrifter og skulering av lærarar gjennom hospitering i bedrifter var andre arbeidsmetodar som skulle prøvast.

Prosjektansvar: NHO og eigen prosjektleiar  
Samarbeidspartar: lokale bedrifter, skular.

### 6.2.2 Utdanningstilbod tilpassa regional arbeidsmarknad

Mål for satsingsområdet var å gjere vidaregåande og høgare utdanningstilbod i fylket betre tilpassa arbeidsmarknaden. Årlege møter med samarbeidspartane skal avklare kva behov for grunn- og etterutdannings som finns i fylket, og om høgskulesystemet og vidaregåande opplæring kan samordne og møte desse.

Prosjektansvar: Fylkeskommunen, undervisningsavdelinga  
Samarbeidspartar: Høgskulen i Sogn og Fjordane, NHO, KS, Fylkesarbeidskontoret

Prosjektet vart ikkje gjennomført i Ung i Sogn og Fjordane.

### 6.2.3 Betre informasjon og rettleiing om yrke og utdanning

Målsettinga med satsingsområdet var å gje elevane tilpassa og individretta informasjon om samanhengen mellom utdanningsval og yrkesval, tilgjengelege lærlingeplassar og lokal/ regional arbeidsmarknad. Tiltak i området skulle vere å vidareutvikle ei styringsgruppe på fylkesnivå med ansvar for samordning av informasjon, skulering av rådgjevarar i skulen og PP-tenesta. Vidare skulle ein utvikle utdannings- og arbeidslivsmesse der private og offentlege bedrifter og utdanningsinstitusjonar presenterer seg eller arrangere regionvise messer.

Ansvarleg: Statens utdanningsktr., fylkeskommunen v/undervisningsavdelinga,  
Fylkesarbeidskontoret  
Samarbeidspartar: Høgskulen i Sogn og Fjordane, NHO og LO.

## 6.2.4 Internasjonalisering

Programmet sler fast at ungdom og utferdstrong høyrer saman. Skal fylket bli oppfatta som attraktive for dei unge, er det viktig for eit utkantfylke å vere som internasjonalt orientert. Spesielt viktig vil det bli å ha god oversikt over kva tilbod som er tilgjengeleg for ungdom på dette området. Ein viktig partnar her er forsknings- og høgskulemiljet vårt. Vidare må vi legge opp til ein klår ungdomsprofil i det internasjonale arbeidet vi sjølv står for, og konkrete tiltak berekna på ungdom vil vere ei naturleg oppfølging.

Ansvarleg: Fylkeskommunen vplan- og utviklingsseksjonen

Samarbeidspartar: Vestlandsforskning, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Fylkeskommunen v/kulturavdelinga og undervisningsavdelinga, Fylkesmannen v/landbruksavdelinga

## 6.2.5 Ungdommar i primærnæringar

Målsettinga her er å få ungdommen til å etablere seg i primærnæringane. Tiltak er/vil bli igangsett på områder som informasjon i skulane, ulike rekruteringstiltak som kurs for "jenter i skogbruket" og odelsjentesamlingar. Det vert også gjennomført ei praktikantordning.

Ansvarleg: Fylkesmannen si landbruksavdeling

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, Fiskerisjefen, organisasjonar i primærnæringar, skuleverket.

## 6.3 Kollektivtransport

God kollektivtransport mellom sentra og utkantane var framheva av Fylkesting for ungdom som vesentleg for opplevinga av at det er greit å vekse opp i utkantane. Det må vere muleg å nytte seg av tilbod som kino, utestader osv. i sentra, og komme seg til og frå utan å måtte haike. Eit nøkkelord er at bu- og arbeidsregionane skal fungere, og at risikofaktorane med bilen som møteplass og transport for yngre ungdom blir redusert. Dette gjeld særleg jenter som passasjer hos eldre ungdom.

Gjennom dette programområde ville ein betre reisevilkåra for ungdom, spesielt når det gjeld fritidspendling. Særleg ville ein legge tilrette for at ungdommen som bur i små kommunar med begrensa aktivitetstilbod kunne fritidspendle på ein trygg måte til tilbod i tettstadane.

Programleiar: Fylkeskommunen v/samferdsleseksjonen

Prioriterte satsingsområder:

- Ungdomskort
- Utprøving av kveldsruter
- Betre tilpassing mellom skuletider og skuleskyss

### 6.3.1 Ungdomskort

Målet var å gje ungdom mellom 16 og 19 år betre reisevilkår ved å innføre ungdomkort. Ein skulle greie greie for korleis eit slikt kort kunne brukast og iverksette ei prøveordning i samarbeid med prosjektet "Ungdom i tettstad".

Ansvarleg for satsingsområdet: Fylkeskommunen v/samferdsleseksjonen  
Samarbeidspartar: Ruteselskapa i fylket, vidaregåande skular

### 6.3.2 Utprøving av kveldsruter

Målet var å betre reisevilkåra for ungdom i fylket ved å etablere kveldsruter med minibuss/ maxitaxi frå sentrum til nabokommunane fredagskveld, etter kino osv. Det skulle også gjennomførast ei spørjeundersøking i dei vidaregåande skulane for å klargjere behovet for kveldsruter i høve strekningar, dagar og tidspunkt osv.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/samferdsleseksjonen  
Samarbeidspartar: Ruteselskapa, taxisentralar, vidaregåande skular, kommunar.

### 6.3.3 Betre tilpassing mellom skuletider og skuleskyss

Skuleskysstilbod skulle gjerast betre ved å revurdere dagens retningsliner for skuleskyss, og greie ut dei økonomiske konsekvensar av å redusere kravet til gangavstand.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/samferdsleseksjonen  
Samarbeidspartar: Ruteselskapa, vidaregåande skular, Undervisningsavdelinga, kommunar

Prosjektet vart arbeidd med utanfor rammene av Ung i Sogn og Fjordane.

## 6.4 Kultur og fritid

I søknaden vert det sagt at kjensla av å høyre til i eit lokalmiljø er viktig for opplevinga av livskvalitet og for tilknytninga til heimkommunen og til fylket. Ein aktiv ungdomskultur med band til lokalkulturen, gode fritidstilbod og attraktive møteplassar er viktige for å utvikle desse røtene. Samtidig er det viktig å legge tilrette for impulsar utanfrå t.d. gjennom utviklingstiltak mellom ungdom i fylket.

Programleiar: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga

Prioriterte områder:

- Styrke kulturdelen i musikk- og kulturskular
- Vidareutvikle Ungdommens kulturmonstring
- UngInfo
- Fysisk aktivitet for barn og unge

#### 6.4.1 Styrke kulturdelen i musikk- og kulturskulane

Nesten alle kommunane i fylket hadde tilbod om musikk- og kulturskule. Ein ville styrke kulturdelen, spesielt med bevisstgjerung i bruk av lokalt kulturstoff, bildekunst, dans og teater. Kompetanseheving av undervisningspersonalet skulle ha høg prioritet. Innanfor denne ordninga ville ein også styrke eit tilbod om dans for barn og unge. Skulering og kursing av barn, ungdom, lærarar og tillitsvalde i organisasjonar, samt å bruke fylkesmusikarordninga er aktuelle tiltak her.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga

Samarbeidspartar: Norsk musikk- og kulturskuleråd, kommunar, frivillige organisasjonar, kunstnarorganisasjonar.

#### 6.4.2 Vidareutvikle Ungdommens kulturmonstring

Målsettinga var å utvikle det potensiale ein hadde i Ungdommens kulturmonstring i fylket ved å etablere tilbod om ulike former for kulturverkstader (dans, musikk, maling, teikning, video/film osv.) Ein ynskjer at barn og unge frå alle kommunane i fylket deltek.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga

Samarbeidspartar: Kommunane

#### 6.4.3 UngInfo

Som del av Kulturnett i Sogn og Fjordane var det etablert eit ungdomstilpassa område på *internett* for informasjonsutveksling mellom ungdommen i og utanfor fylket, fylkeskommunen, høgskulen, kommunane, frivillige organisasjonar og andre på internett. Området består av kulturkalender, skule- og utdanningstilbod, sommarjobbar og andre jobbar i offentleg og privat verksemd, lærlingeplassar, nytt frå studentsamfunna osv. Det var eit mål at Unginfo skulle utviklast til å bli ein viktig kanal for saker som ungdom er oppteken av. Det skulle gjerast eit omfattande arbeid for å få aktuelle instansar til å bruke nettverket, eks. få kommunar til å melde inn tiltak til aktivitetsskalenderen.

Ansvarleg: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga

Samarbeid: NHO, Høgskulen, regionale statsetatar, kommunar, frivillige organisasjonar, TITAN.

#### 6.4.4 Fysisk aktivitet for barn og unge

Målsettinga var å auke den fysiske aktiviteten til ungdom ved å gjere aktuelle aktørar på ulike

nivå ansvarlege. Gjennom å utvikle kunnskap og spreing av kunnsken skulle ein påverke viktige instansar til å prioritere fysisk aktivitet. Helsefaglege konsekvensar av liten fysisk aktivitet skulle synleggjerast for m.a. å påverke avgjersler både på politisk og administrativt nivå. Arbeidet skulle spele på eit breitt register av aktivitetar, tiltak, arenaer og aktørar, der samarbeid og samordning av innsats var viktig. Arbeidet skulle i størst muleg grad integrerast i den daglege verksemda til etablerte samfunnsinstitusjonar.

Lokale aktivitetstilbod for ungdom har mellom anna skateboard, snowboard og open idrettshall. Ungdommane skal avgjere sjølve kva aktivitetar. Prosjektleiari arrangerer tiltak for ungdom i samarbeid med vidaregåande skule, kommunar og organisasjonar.

Ansvar: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga. Fylkeskommunen ved kulturavdelinga er prosjektansvarleg for prosjektet, og det er tilsett prosjektleiari i heil stilling. Prosjektet har fått midlar frå Kulturdepartementet, og er eit 3-årig prosjekt for fysisk aktivitet på brei basis, med naturen og nærmiljøet som ressurs for fysisk aktivitet og auka livskvalitet i fylket.

Samarbeid: Førebyggjande råd, Sogn og Fjordane idrettskrets, kommunane. Høgskulen i Sogn og Fjordane deltek med "Kroppsøving i naturen". Prosjektkommunane her er Gløppen og Høyanger. Sogn og Fjordane idrettskrins deltek med prosjektet Lokale aktivitetstilbod for ungdom, og her deltek 7-8 kommunar. I tillegg er det etablert samarbeid med pensjonistlaget for å få fram aktivitetar tilpassa eldre. Målet er å involvere mange aktørar, både interesserte kommunar, skular, barnhagar og lokalsamfunn.

## **6.5 Livskvalitet, deltaking og meistring**

Trivsel, gode kostvanar, trygge omgivelser, eit godt fysisk nivå og gode vener var nemnt som viktige stikkord for ei god helse. I programmet ser ein heimen, skulen, fritidsaktivitetar og arbeidslivet som dei viktigaste arenaer for å utvikle sunne vanar og positive sosiale relasjonar. Mange unge i Sogn og Fjordane flyttar på hybel når dei byrjar på vidaregåande skule. Denne gruppa er spesielt utsett når det gjeld livsstil, fritid, kosthald, drikkekultur, røykjevannar osv.

Ein grunntanke er at ungdommen skal takast på alvor og delta i beslutningsprosessar for at samfunna våre skal bli gode stader å vekse opp i for dei unge. Det er viktig at dei unge sine ressursar vert brukt positivt overfor lokalsamfunnet og menneska som bur der.

Ein peika på at det er viktig å satse på dei ungdomane som har falle utanfor det etablerte samfunnslivet, og som går på ulike trygdeordningar. Dei treng eit tilpassa opplegg med arbeidstrening og skulering, noko som dei i neste omgang kan bruke når dei trer inn i det ordinære arbeidslivet.

Programleiar er Fylkeskommunen v/regionalavdelinga, plan- og utviklingsseksjonen

Prioriterte satsingsområder: (Prioriteringa gitt i Fylkesdelplan for ungdom og Strategiplan for førebyggjande og helsefremmande)

- Eit godt hybelliv
- Styrke helsetenesta i vidaregåande opplæring

- Etablere fora for barne- og ungdomsarbeidarar og tillitsvalde i organisasjonane
- Rusførebygging
- Skape uformelle møteplassar
- Ungdomsmedverknad
- Det er bruk for alle! Arbeids- og skuleringstiltak for ungdom i drift

### 6.5.1 Eit godt hybelliv

Målet var å lette overgangen frå heim til hybel, både praktisk og sosialt, og frå heimemiljøet til nytt lokalmiljø. Fleire tiltak var aktuelle: Utvikle samarbeid mellom vidaregåande skule og heimen, mellom vidaregåande skule og vertskommunen, avsette lærartimar til oppfølging og samtale med hybelbuarane, kartlegge hybelvertar som kan gå inn i ei reserveforeldre-rolle i høve spesiell utsett hybelungdom, kontakt mellom lokalsamfunnet og hybelbuarane - bruke studentane/elevane i lokalmiljøet i f.eks fadderordning i regi av frivillige organisasjonar eller eldre elevar, presentasjon av kommunen og frivillige organisasjonar for dei nye studentane/elevane ved evt. å arrangere ei "messe" ved skulestart. Målgruppe var elevar i vidaregåande skule og studentar i fylket. Gjennom prosjektet er det gjeve tilskot til kommunar og skular som vil gjere noko på dette området.

#### *Søknad og økonomi*

2000: utlyst 300.000,- som vart fordelt på 11 søkjarar. Dei som mottok støtte var i hovudsak vidaregåande skular i fylket.

2001: 300.000,- fordelt på 10 søkjarar.

#### *Konkret aktivitet*

Gjennom prosjekta er det initiert ei rekke type tiltak:

Servering av frukost

Lunsj i skulekantine

Betre organisering av hybelhus

Open kveld med ulike aktivitetar:

Dans, drama

Ballspel

Ulike typar kurs

Data

Mekkeklubb

Vekttrening

Leksehjelp

Formidling av hyblar

Velferdstilbod som å gjer det mogeleg å vaske og tørke kle.

#### *Aktørar*

Fylkeskommunen, plan- og utviklingsseksjonen har prosjektleiaransvar. Fylkeslegen, Statens utdanningskontor, fylkeskommunen ved kulturavdelinga og opplæringsavdelinga utgjorde prosjektgruppa.



Ein av kommunane (Luster kommune) har kombinert dei to prosjekta. Dette har skjedd i samarbeid med Hafslo vidaregåande skule, Hafslo bygdelag og Hafslo barne- og ungdomsskule.

Hafslo vidaregåande skule har tilsett miljøarbeidar i 20% stilling som driv oppsøkande arbeid blant ungdom som bur på hybel. Miljøarbeidaren reiser til nabokommunen der ein del av elevane bur og møter elevane nokre faste kveldar. Det blir arrangert open skule ein gong i veka. Det er starta internettkafè i samfunnsbygget og diskotek. Alle tilboda er opne for hybelungdom og ungdom i bygda.

Ansvar: Samarbeidspartane i "Ungdom i tettstad"; vidaregåande skular og OT-tenesta, kommunar, hybelvertar, frivillege organisasjonar.

### 6.5.2 Styrke helsetenesta i vidaregåande opplæring

Målet var å gjere ulike helsetenester for barn og ungdom meir tilgjengeleg ved at kommunane etablerer helsestasjon for ungdom, og at helsetenesta i vidaregåande skular vert betre. Ein ville mellom anna stimulere til utvikling av skulehelsetenester på vidaregåande skular med fast kontorstad og kontortid - også på kveldstid. Helsetenester skulle gjerast meir tilgjengelege, og å senke terskelen for dei unge for å bruke helsestasjonen.

Døme på sentrale tiltak er fleire timar tol helseteneste i skuletida, etablering av ungdommens helsestasjon på kveldstid og auka kompetanse hos klassestyrarar for å kunne fange opp problem hos enkeltelevar.

*Ansvar:* Fylkeskommunen v/plan- og utviklingsseksjonen og fylkeslegen. Fylkeslegen har prosjektleiaransvar. Tilsette ved Fylkeslegen arbeider med prosjektet, og tilskotsmidla vart delt ut til vidaregåande skular som gjennomfører tiltaka i prosjekta.

*Samarbeidspartar:* "Ungdom i tettstad", fylkeskommunen, kommunane, Barne- og ungdomspsykiatriske tenester m.fl.

### 6.5.3 Etablere føra for barne- og ungdomsarbeidarar og tillitsvalde

Målet var å styrke samarbeidet mellom dei som arbeider blant ungdom og auke kompetansen deira. Aktivitetar vert regionale samlingar for kommunale og frivillige ungdomsarbeidarar med ulike tema, regional samordning av lokale tiltak og planlegging/ gjennomføring av fellesarrangement.

Prosjektet vart ikkje realisert.

Ansvar: Fylkeskommunen v/plan- og utviklingsseksjonen

Samarbeidspartar: "Ungdom i tettstad", kommunane, frivillige organisasjonar, Sogn og Fjordane barne- og ungdomsråd og Fylkesmannen v/landbruksavdelinga

## 6.5.4 Rusførebygging

Målsettinga var å redusere alkoholbruken blant ungdom og heve debutalderen for alkoholbruk, førebygge stoffmisbruk ved å mobilisere til prioritering av rusførebyggande arbeid innan fylkeskommunen, kommunar og organisasjonar, tverrfagleg og tverretatleg arbeid og å drive haldningsskapande arbeid overfor ungdom og alle som arbeider med ungdom.

Ansvar: Rusfagleg forum

Samarbeidspartar: Fylkeskommunen, kommunane, fylkesmannen. Statens utdanningskontor, politietaten, frivillige organisasjonar, Bergensklinikkane, Sogn Regionråd.

## 6.5.5 Skape uformelle møteplassar

Målet var å skape arenaer for sosialt samvær utanom organiserte aktivitetar. Ein såg mulighetar til å utnytte bibliotek, skulebygningar, idrettshallar og gjere samfunnshus tilgjengeleg for ungdom på kveldstid og i helga. Vidare ville ein utvikle fysiske møteplassar i tettstadane, støtte kommersielle rusfrie møtestader i sentrum, utvikle møteplasser der ungdom kan diskutere eigne behov, interesser, haldningar til rus.

### ***Søknadar***

Dette er det prosjektet som har størst tal på innkomne søknadar frå kommunane, og med størst breidde i kven som søker i kommunane. Både kommuneadministrasjon og frivillege organisasjonar har søkt, både i samarbeid og kvar for seg. Ein føresetnad frå administrasjonen i fylkeskommunen er at ungdom skal delta i prioritering av kva tiltak som skal gjennomførast og at ungdom er aktive deltakarar i gjennomføringa. Ungdommens fylkesting og Ungdomspolitisk utval støtta dette.

### ***Aktørar***

Fylkeskommunen, plan- og utviklingsseksjonen har prosjektleiaransvar. Fylkeslegen, Statens utdanningskontor, fylkeskommunen ved kulturavdelinga og opplæringsavdelinga utgjorde prosjektgruppa.

## 6.5.6 Ungdomsmedverknad

### a) Styrke *Fylkesting for ungdom*

Målsettinga var å arbeide vidare med fylkesting for ungdom spesielt i høve skulering. Fylkestinget er ei viktig arena for skulering i korleis demokratiet fungerer, og læring i politiske prosessar.

### b) Styrke *Ungdommens kommunestyre / Ungdomsråd*

Fylkesting for ungdom etterspurde lokale påverknadsområder, der dei sjølve kunne vere med og innvirke på planar og prioriteringar. Kommunane og fylket treng denne innverknaden for å kunne planlegge for framtida. Medverknaden må vere reell - ungdommen må få påverke

avgjerdene. Opplevinga av å delta, bli høyrte og sjå resultat av eiga medverknad skaper eigedomstilhøve, lokal tilhøyre og engasjement for lokalsamfunnet også i ettertid.

Ved søkartidspunktet hadde 11 kommunar etablert ungdommens kommunestyre eller ungdomsråd. Målet var at alle kommunane i fylket skulle etablere slike organ, og at desse skulle fungere bra. Aktuelle tiltak var å arrangering av konferanse for kommunane med erfaringsformidling og tips, samt drive rettleiing overfor kommunar som var i ei etablerings- og oppbyggingsfase.

Ansvar: Fylkeskommunen v/kulturavdelinga

Samarbeid: Fylkeskommunen v/regionalavd., fylkeslegen, kommunane, frivillige organisasjonar.

### 6.5.7 Det er bruk for alle! Arbeids- og skuleringstiltak for ungdom i drift

Målsettinga var å fange opp ungdommar som ikkje tek utdanning og som heller ikkje har arbeid. Dette er ungdommar som ikkje nødvendigvis har ei bestemt diagnose, men som har ulike og samansette problem, og som har "meldt seg ut" av det organiserte samfunnslivet

Dei største kommunane våre har mange ungdommar som kjem inn under denne gruppa. Desse treng eit tilpassa arbeidsopplegg som kan gje dei erfaring frå yrkeslivet, teoretisk skulering og ikkje minst synleggjere dei som ressurspersonar. Innanfor satsingsområdet vil ein bidra til at aktuelle kommunar etablerer bedrifter eller arbeidsplassar for ungdom i drift.

Ansvar: Fylkeskommunen v/undervisningsavdelinga

Samarbeidspartar: Kommunar, Oppfølgingstenesta i vidaregåande skule, Arbeidskontora, Barne- og ungdomspsykiatisk klinikk, Fylkesbarnevernet, Fylkeskommunen v/regionalavdelinga

Midlane i dette prosjektet vart nytta til arbeidet med kartlegginga Ungdom og livsmeining. Fylket hadde behov for meir kunnskap om omfanget av problem, og ga Vestlandsforskning oppdrag å gjennomføre ei kartlegging. Undersøkinga skulle systematisere teori, og undersøke korleis unge og vaksne som arbeider med unge vurderer spørsmål om meining i livet og syn på framtida. Resultatet av dette er publisert i delrapport 3: Ungdom og livsmeining.

## 7. Kommunane i Ung i Sogn og Fjordane

Søknadane frå kommunane inn mot programmet, viser at nesten alle kommunane har vore aktive på tiltakssida gjennom Ung i Sogn og Fjordane, men at det er store variasjonar i kommunane i fylket. Søknadane seier ikkje noko om reell aktivitet, men gjev ein peikepinn på kjennskap og interesse for nokre av prosjekta i programmet. Oversikta viser og at det ulike prosjekta har fått ulik profil på den måten at det er ulike søkarar. I prosjekta ”Skape uformelle møteplassar” har flest søknadar der frivillege organisasjonar er involverte og gjennom dei ungdommane. ”Eit godt hybelliv” har dei vidaregåande skulane som søkarar.

Tabellen nedanfor omfattar prosjekta som har ”prosjekt med mange utbetalingar”, med andre ord prosjekt som har mange søknadar frå ulike aktørar i kommunane. Vi tek atterhald om at det kan vere nokre opplysingar som ikkje er fullstendige. Tabellen viser at nesten alle kommunane i fylket er involvert, men at det er stor skilnad mellom dei ulike kommunane kor stor grad dei har fått støtte.

Rusførebygging: 150.000  
 Profilerings og synleggjering: 435.00  
 Eit godt hybelliv: 338.000  
 Skape uformelle møteplassar: 388.000  
 Internasjonalisering: 275.000  
[www.heimigjen.no](http://www.heimigjen.no): 410.000

Oversikt over søknadar frå kommunar/organisasjonar i kommunar<sup>2</sup> som det er løyvd pengar til:

Kommune	Prosjekt	Søkar	Løyvd sum
Aurland	Skape uformelle møteplassar	Aurland fritidsklubb, kommunen	10.000
Askvoll	Skape uformelle møteplassar	Askvoll ungdomsråd, kommunen, Askvoll dataklubb, Raffen ungdomsklubb	20.000
Balestrand	Rusførebygging	Kommunen	15.000
	Eit godt hybelliv	Sygna vgs	5.000
	Skape uformelle møteplassar	Kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Balestrand ungdomsråd	10.000
Bremanger	Rusførebygging	”Rus, grensesetting, og trivsel”, kommunen	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Krunhjorten 4H i Ålfoten	10.000
Eid	Eit godt hybelliv	Eid vgs	25.000
	Eit godt hybelliv	Eid vgs	20.000
	Eit godt hybelliv	Eid vgs	25.000
	Skape uformelle møteplassar	Eid ungdomsskule, kommunen	15.000
	Skape uformelle møteplassar	Nattkaféen på Eid, Eid Kyrkjelege ungdomsutval	10.000
	Skape uformelle møteplassar	”Levande bygder”; kommunen og 5 utviklingslag	50.000
Flora	Rusførebygging	Haffen ungdomsklubb, kommunen	30.000
	Eit godt hybelliv	Flora vgs	40.000
	Eit godt hybelliv	Haffen ungdomsklubb, kommunen	20.000

<sup>2</sup> Opplysningane i tabellen er henta frå Spesifisert tabell til KRD pr. juli 2002 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

	Skape uformelle møteplassar	Eikefjord ungdomslag, kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Haffen ungdomsklubb, kommunen	15.000
Fjaler	Internasjonalisering	United World College	20.000
	Eit godt hybelliv	Dale vgs	14.000
	Skape uformelle møteplassar	Fjaler kommune	30.000
	Skape uformelle møteplassar	”Hitt dar”, kommunen	15.000
	Skape uformelle møteplassar	Guddal ungdomslag	10.000
Førde	Eit godt hybelliv	Øyrane vgs, kommunen	20.000
	Eit godt hybelliv	Hafstad vgs	25.000
	Eit godt hybelliv	Øyrane vgs	15.000
	Eit godt hybelliv	Hafstad vgs	20.000
	Eit godt hybelliv	Hafstad vgs	15.000
	Eit godt hybelliv	Øyrane vgs	15.000
Gaular	Rusførebygging	Trialgruppa, kommunen	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Lyderhuset, kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Lyderhuset, kommunen	10.000
Gloppen	Eit godt hybelliv	”Ungdom i Gloppen”, kommunen	40.000
	Eit godt hybelliv	Firda vgs, kommunen	10.000
	Eit godt hybelliv	Firda vgs, kommunen	25.000
	Skape uformelle møteplassar	”Ungdom i Gloppen”, kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Breimsbygda idrettslag	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Grendalofte i Hyen, kommunen	15.000
Gulen	Skape uformelle møteplassar	Eivindvik Ungdomslag	15.00
	Skape uformelle møteplassar	Ungdomslaget Havgula	5.000
Hornindal	Rusførebygging	Kommunen	70.000
	Skape uformelle møteplassar	Nærmiljøsentralen, kommunen	10.000
Hyllestad	Skape uformelle møteplassar	Bøfjord ungdomslag	10.000
Høyanger	Eit godt hybelliv	Kommunen	35.000
	Eit godt hybelliv	Høyanger vgs	10.000
Jølster	Eit godt hybelliv	Mo og Jølster vgs	15.000
	Eit godt hybelliv	Mo og Jølster vgs	20.000
	Eit godt hybelliv	Mo og Jølster vgs	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Grotta ungdomsklubb	20.000
Luster	Eit godt hybelliv	Luster vgs	40.000
	Eit godt hybelliv	Luster vgs	25.000
	Skape uformelle møteplassar	Gaupne ungdomslag	15.000
	Skape uformelle møteplassar	Hafslo bygdelag, Luster vgs, Hafslo barne- og ungdomsskule	35.000
Lærdal			
Leikanger	Skape uformelle møteplassar	Leikanger barne- og ungdomsråd	30.000
Naustdal	Rusførebygging	Rampen kafè, kommunen	40.000
	Rusførebygging	Vårbod ungdomslag	20.000
Selje	Eit godt hybelliv	Stadlandet skule, kommunen	10.000
Sogndal	Rusførebygging	Sogndal ungdomsskule	25.000
	Eit godt hybelliv	Solhov ungdomsklubb, kommunen	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Norane nærmiljøgruppe	10.000
Solund	Skape uformelle møteplassar	”Ung i Solund”, kommunen	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Ungdomslaget Havgula	5.000
	Skape uformelle møteplassar	Eivindvik ungdomslag	15.000
Stryn	Rusførebygging	Ungdommens idrettsråd	6.000
	Eit godt hybelliv	Stryn vgs, kommunen	25.000
	Eit godt hybelliv	Stryn vgs, kommunen	10.000
	Eit godt hybelliv	Stryn vgs, kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Oppstryn internettkafè, kommunen	5.000
	Skape uformelle møteplassar	Styringsgruppa for ungdomskafè	
	Skape uformelle møteplassar	Stryn ungdomslag, kommunen	40.000
	Skape uformelle møteplassar	Innvik ungdomsklubb	
	Skape uformelle møteplassar	SICO Data	30.000
	Skape uformelle møteplassar	SICO Data	10.000
	<a href="http://www.heimigjen.no">www.heimigjen.no</a>		48.484

	<a href="http://www.heimigjen.no">www.heimigjen.no</a>		31.000
Vik	Eit godt hybelliv	”Ungdom, identitet og trivsel” kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	”Ungdom, identitet og trivsel”	20.000
Vågsøy	Internasjonalisering	Måløy vgs	100.000
	Internasjonalisering	Måløy vgs	65.000
	Eit godt hybelliv	Måløy vgs	25.000
	Eit godt hybelliv	Måløy vgs	25.000
	Skape uformelle møteplassar	Klovingen seglforening	5.000
	Skape uformelle møteplassar	Kateketen i Måløy	10.000
	Skape uformelle møteplassar	Studiesenteret i Måløy	10.000
	Skape uformelle møteplassar	Måløy vgs	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Studiesenteret i Måløy	15.000
Årdal	Internasjonalisering	Årdal vgs	110.000

Andre	Rusførebygging	Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri	15.000
	Eit godt hybelliv	”	50.000
	Rusførebygging	Nordfjordrådet	20.000
	Fysisk aktivitet for barn og unge	Sogn og Fjordane idrettskrins	175.000
	Fysisk aktivitet for barn og unge	Høgskulen i Sogn og Fjordane	100.000
	Fysisk aktivitet for barn og unge	Kulturavdelinga, fylkeskommunen	125.000
	Eit godt hybelliv	USF, annonse	7.000
	Eit godt hybelliv	Studentsamskipnaden i SF	50.000
	Eit godt hybelliv	Ungbo v. Ljøberg	32.000
	Skape uformelle møteplassar	USF, annonse	3.700
	<a href="http://www.heimigjen.no">www.heimigjen.no</a>	Nordfjordrådet	25.000
	<a href="http://www.heimigjen.no">www.heimigjen.no</a>	NDU Selskap A/S	305.100

I same oversikta som opplysingane er henta frå er Profilerings og synleggjering (inkl. ”Framtidscollage”) lagt inn med ei totalramme på 511.947.

Prosjekta som er med i oversikta i tabellen, er knytt til ein skilde kommunar, bortsett frå under rubrikken ’andre’. Dette er prosjekt som dekkjer heile fylket, eller deler av det. I fleire, til dømes Styrke kulturdelen i musikk- og kulturskulane, Fysisk aktivitet for barn og unge og Styrke helsetenesta for barn og unge, har prosjektleiinga motteke søknadar direkte frå kommunane. Desse søknadane er ikkje med i oversikta over kommunane ovanfor.

Prosjekta nedanfor har tilsvarende kjenneteikn. Opplysingane er henta frå prosjektplanane.

Prosjekt	Prosjektansvar	Prosjektleiing	Aktivitet	Ramme
Medverknad	SFFK, avd. kultur Fylkesting for ungdom Ungdomspolitisk utval	Ungdomspolitisk utval/tilsett i SFFK	Medverknad/ungdomskonferansar Fylkesting for ungdom Arbeid i Ungdomspolitisk utval Skulering av ungdomsråd i kommunane Oppfølging/serving av kommunerepresentantar	450.000
Ungdommens kulturmonstring	SFFK, avd. kultur	SFFK, avd. kultur	Utvikling av monstringa, nye aktivitetar, gje deltakarane påfyll	175.000

			ut over det å opptre. Delta på internasjonale utvekslingar	
Musikk og kulturskular	SFFK, avd. kultur	SFFK, avd. kultur		355.000
Fysisk aktivitet for barn og unge	SFFK, avd. kultur	Prosjektgruppe: Førebyggande råd, FK SF idrettskrins SFFK, avd. kultur	Lokale tiltak av/med/for ungdom. Kurs/kompetanseutvikling for kroppsøvingslærarar Lev livet (eit større prosjekt)	400.000
Profilering og synleggjering	SFFK, plan og utviklingsseksjonen	SFFK, plan og utviklingsseksjonen	Ungnett Framtidsmesse	435.000
Ungnett Sogn og Fjordane (seinare dittnett.no)	SFFK, avd. kultur	SFFK, avd. kultur Referansegruppe: UPU	Redaksjon Etablere nettverksgrupper Innovasjon Motivere til engasjement	475.000
Næringsliv i skulen	NHO Sogn og Fjordane	NHO Sogn og Fjordane	Etablere partnarskapsavtalar skular/bedrifter Koordinering partnarskap Reiser Internasjonalt arbeid	315.000 (USF: 75.000)
Styrke helsetenesta i vidaregåande opplæring	Fylkeslegen i SF	Førebyggingsrådgivar ved fylkeslegekontoret. Referansegruppe	Styrke helsetenesta i vg, stimulerer aktivitet Bygge opp kompetansen Oppstarting helsestasjon for ungdom Involvering av alle kommunane i fylket med vidaregåande skule Nettverksbygging	600.000 (USF: 180.000)
Etablerarforum Sogn og Fjordane	SFFK, plan og utviklingsseksjonen	SFFK, plan og utviklingsseksjonen	Eit godt støtteapparat til unge som etablerer eigen arbeidsplass, realisering av organisasjon Gjere det attraktivt for unge å etablere eigen arbeidsplass	220.000 (USF: 80.000)
Det er bruk for alle	SFFK, plan og utviklingsseksjonen		Ungdom og livsmeining - undersøking	200.000

## 8. Samarbeidstiltak og prosjekt for ung i Sogn og Fjordane

Ung i Sogn og Fjordane har som mål å vere ei heilskapleg satsing på barn og unge. Programmet har ei rekke prosjekt og satsingsområde som er viktige som samarbeidstiltak inn mot Ung i Sogn og Fjordane.

Nedanfor ei dei viktigaste opplista. Nokre av desse er ein del av Ung i Sogn og Fjordane.

*"Ungdom i tettstad"* er eit satsingsområde innanfor fylkesplanprogrammet "Bu- og arbeidsområde" som vart igangsett i 1997, og som set fokus på utfordringar knytta til tettstadene våre. Fire kommunar i fylket deltek saman med viktige regionale aktørar.

*"Sunnare kosthald"* er eit satsingsområde innan programområdet "Feie for eiga dør" der ein rettar seg mot kantinedrifta i vidaregåande skule.

*"Frukt og grønt i skulen"*- innføring av ei abonnementsordning i grunnskulen, der foreldra betaler for dagleg frukt og grønnsaker i samband med skulemåltidet. 35 skular (51%) frå 9 kommunar deltek, 58% av elevane nyttar seg av ordninga.

*Program for etablering og nyskaping i Sogn og Fjordane 1999-2000* med satsingsområdet *"Ungt entreprenørskap"* som eit viktig samarbeidstiltak - innlemming av distriktsaktiv skule i grunnskulane i fylket, samt yrkesorientering og prosjektarbeid i vidaregåande skule med vekt på entreprenørskap.

*TITAN - Europeisk samarbeidsprosjekt* med målsetting å gjere offentlege tenester og generell informasjon betre tilgjengeleg på internett for publikum og bedrifter. Fleire regionale aktørar deltek.

*Kulturnett Sogn og Fjordane* er samansett av delnett for arkiv, museum, bibliotek, kunst og UngInfo, samt ein aktivitets/kulturkalendar. Netta skal vere ein informasjonskanal for dei som ynskjer å halde seg orientert om det som skjer i Sogn og Fjordane.

*Førebyggjande råd i Sogn og Fjordane.* Ei toppleiargruppe der Fylkeslegen, Fylkesmannen, Statens utdanningskontor, KS, kommunehelsetenesta og Fylkeskommunen deltek.

*Fylkesseleivråd* vart etablert i 1995.

*Fylkesting for ungdom* hadde sitt fyrste tingsete i 1994 og har årlege møter.

*Ungdomspoltisk utval* vart etablert i 1996.



## **8.1 Viktige samarbeidspartar i Ung i Sogn og Fjordane**

Arbeidet vart gjennomført i nært samarbeid med mange og ulike aktørar på regionalt og lokalt nivå, dette gjeld både kommunar, skular, bedrifter og andre medverkande på lokalt nivå. Ein søkte å finne fram til samarbeidspartar som var motivert.

På regionalt nivå deltok partane som hadde utarbeidd Fylkesdelplan for ungdom. Partane hadde sjølv prioritert kva områder dei ville satse på, og forplikta seg til å gjennomføre dei satsingsområda som var lagt inn i programmet "Ung i Sogn og Fjordane". Samarbeidspartane var Fylkeslegen i Sogn og Fjordane, Statens utdanningskontor, Fylkesmannen si landbruksavdeling, Næringslivets hovedorganisasjon (NHO), Fylkesarbeidskontoret, Sogn Regionråd, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ regionalavdelinga, helse- og sosialavdelinga, undervisningsavdelinga og kulturavdelinga.

På regionalt nivå gav ungdommane bidrag og innspel til programarbeidet og til aktuelle satsingsområder gjennom Fylkesselevrådet, Ungdomspolitisk utvalg og Ungdommens fylkesting.

## 9. Prosjekta i tre utvalde kommunar; Gloppen, Sogndal og Luster

For å synleggjere aktivitet og aktørar på kommunenivå, presenterer vi deltaljert prosjekta i Luster kommune, Gloppen kommune og Sogndal kommune. Ungdomane som har vore informantar er busette i desse kommunane. Dei unge har alle i større eller mindre grad vore i kontakt med prosjekta i Ung i Sogn og Fjordane.

Prosjekta som er presenterte nedanfor, er prosjekt det er søkt om støtte til frå lokale aktørar. Oversikta viser prosjekta det er løyvd pengar til gjennom Ung i Sogn og Fjordane til desse tre kommunane.<sup>3</sup> I tillegg dei tiltaka som er presenterte her kjem dei interkommunale prosjekta (m.a. styrke skulehelsetenesta, medverknad, fysisk aktivitet for barn og unge). Alle desse interkommunale prosjekta har aktivitet i dei tre kommunane.

### 9.1 Gloppen

#### Prosjekta

Gloppen	Eit godt hybelliv	”Ungdom i Gloppen”, kommunen	40.000
	Eit godt hybelliv	Firda vgs, kommunen	10.000
	Eit godt hybelliv	Firda vgs, kommunen	25.000
	Skape uformelle møteplassar	”Ungdom i Gloppen”, kommunen	20.000
	Skape uformelle møteplassar	Breimsbygda idrettslag	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Grendaloftet i Hyen, kommunen	15.000

I Eit godt hybelliv og Skape uformelle møteplassar handlar det omsider i livet som familien tek seg av når du ikkje bur på hybel, og det som er av tilbod for å skape eit godt liv på fritida.

*Eit godt hybelliv:* Prosjekt 1 i Gloppen: Open skule, Firda vidaregåande skule.

Målsetjing om at elevane skulle ha ein stad å kome inn om utan å måtte delta i aktivitetar eller engasjement ut over det å vere der.

Samarbeidspartnarar for prosjektet er Firda vgs og elevrådet ved skulen, Hjelpetenestene i Gloppen (Oppfølgingstenesta, Sosial- og barnvernstenesta, Helsestasjonen og PP-tenesta) og Kultursjefen i Gloppen. (Rapport frå 20.06.2002.)

Økonomi: tildelt 128.000 (2001) og søkt om ytterlegare 32.000.

Involverte i gjennomføring, styringsgruppe:

<sup>3</sup> Opplysningane henta frå søknadane og tilsagna frå fylkeskommunen, og delvis frå rapportar frå dei avslutta prosjekta.

## Miljøarbeidar

Fire elevar ved Firda vidaregåande skule

Rådgjevar som representant for leiinga ved skulen

Styringsgruppa hadde møte om lag ein gong i veka

## Aktivitetar:

Open skule kvar mandag til torsdag frå 18.00 til 22.00. Frå årsskiftet redusert med ein dag, skiftande oppslutning).

- Open kantine, sal av mat. Innkjøp av spel plassert i kantina.
- Opne datarom med internett-oppkopling
- Filmkveld kvar veke
- Bordtennis
- TV med parabol-tilkopling i kantina
- Vaskemaskin med tørketrommel (innkjøpt 2 maskiner og ein tørketrommel)
- ”Klassens kveld”: kvar klasse ansvar for ein kveld (underhaldning og aktivitetar)
- Enkeltaktivitetar: Yogakurs, filmframsyning frå kulturarrangement på skulen, Nissefest, juleverkstad.
- Klinisk sosionom frå Rehabiliteringstenesta vore på skulen ein kveld i veka frå 20.00-22.00.
- Helsesøster kontortid nokre timar i veka (flytta kontor og samordna tid, rett før, med Helsestasjon)
- Helsestasjon for ungdom (kvar mandag frå 14.00-16.00)

## Evaluering av ordninga på skulen:

Vurdert som eit godt tilbod. Kvalitetar som vart framheva:

- Kome og gå som ein vil
- Ikkje kjøpe noko for å vere der
- Kjekt å kunne spele spel. Sjå på TV, lese lekser
- Datarom
- Vaskemaskin og tørketrommel
- Sosialt
- Av og til skjer det noko spesielt

Skulen oppsummerer at det er behov for tilbodet, men at ein ikkje når mange nok. Vert nytta av ei fast kjerne av elevar, som ofte er inn om skulen på kveldstid. Forslag om endringar frå elevane skulle takast omsyn til i vidare planlegging.

Open skule er presentert på skulen si heimeside.

Medverknad på Firda vidaregåande skule (elevråd):

*Skape uformelle møteplassar:* Prosjekt 2 i Gloppen: Utvikling av sosialavdelinga på Grendaloftet i Hyen. Støtte frå USF: 15.000. Loftet inneheld ei næringsavdeling og ei sosialavdeling. Sosialavdelinga er eit rom der dei unge kan ”boltre seg på eiga hand innan visse rammer” (frå søknad 25.04.2001). Rommet skal kunne endre seg etter behov. Har fått finansiering frå Fylkesmannen, søkte vidarefinansiering frå USF. Grunngeving for søkanden: stor del av dei som bur i bygdelaget er under 20 år, lang skuleveg, ved bringing/heting til aktivitetar er det lang køyring, alle i grenda med på dugnaden, leiar og nestleiar i styret er ungdom, ungdom i grenda vil så gjerne skape noko på eiga hand.

*Skape uformelle møteplassar:* Prosjekt 3 i Gloppen: "Idrettsklubben"/fritidsklubb, Byrkjelo Støtte frå USF: 15.000. "Rusfri, førebyggjande og på alle plan helsefremjande fritidsklubb". Målgruppa er alle ungdomane i bygda, men og retta mot ungdom med problem. Også ein del vaksne er inn om klubben om fredagar. Bakgrunnen var aukande problem blant ungdom i bygda. Tradisjonelle idrettstilbod støyter frå seg gruppa med problem, og aktivitetane er basert på spørjeskjemaundersøking blant ungdom der dei melde ønskjer og behov. Skape trivsel, skape infrastruktur.

Aktivitetar:

Kombinert opplegg med ulike aktivitetar, volleyball, basketball, fotball, kortspel, gitarkurs, biljard, bordtennis, dataspel, TV-sjåing, spensttrening, stryketrening ("senka konkurranseterskelen til null"), servering, klatrevegg. Deltakarane gjer det dei sjølve ønskjer.

*Eit godt hybelliv* Prosjekt 4 i Gloppen: Etablering av internettkafè. Lette overgang frå heim til hybelliv. På sikt få til kopling mot bussruter. Målgruppe ungdom 15-18 år. Styringsgruppe med medlemmer frå elevråd (ungdomsskulen og Firda vg) og ungdomsråd. Samarbeid med kommune og skule. Initiativ Gloppen ungdomsråd. Planlegginga har ungdommen stått for og undersøkt behov (kor mange som vil nytte)

Innkjøp: vaskemaskin

Tilskot: 40.000

*Transport:* Gloppen kommune og Ungdomsrådet i Gloppen har fått tildelt tilskot til "Kveldsskyss for ungdom", fleksible skyssløyvingar utført med drosje eller minibuss.

Løyvinga skal nyttast til transport til og frå til

- Aktivitetar i fritidsklubben
- Arbeidskyrkja
- Elevkveldar
- Skiheisen på Utvikfjellet
- Konsertar
- Haustfest
- Juleball

Transporten skal ikkje nødvendigvis følgje fast rutetrase, og oppslutnaden er avgjerande for om transporten går. Ordninga skal organiserast lokalt av ei prosjektgruppe med ungdomsrepresentantar.

Tilskot: 20.000

"Trygt heim for ein femtilapp": Dette er eit av transportprosjekta som er etablert, og er oppfølgjing til "Kveldsskyss for ungdom". Det er eit tilbod der ungdom kan kome seg heim natt til søndag i nokre av tettstadane i fylket, inkludert Gloppen. Rutene har fast avgangstid og –stad ut frå tettstaden. Rutene har avgrensingar for kva område dei dekkjer, og fleksibel rutetrase som betyr at ungdomane vert køyrt så nær huset som mogeleg. Ungdomane betalar 50 kroner uansett kor langt det er heim.

I Gloppen går ruta frå drosjesentralen i Sandane sentrum klokka 02.15, og går til Sørstranda, Nordstranda og Byrkjelo.

"Ungdomskortet": Eit ungdomskort er eit kort som gjev ungdomane rett til å reise fritt med kollektivtilbodet i Sogn og Fjordane mot å betale 250 kroner i månaden. Alle ungdomar frå 16 til 19 år kan nytte seg av ordninga. Dersom ein reiser ut av fylket må ein løyse billett ved

fylkesgrensa. Ordninga gjeld på alle bussrutene i fylket, på rutegående lokalbåtar og ekspressbåtar. Korta vert formidla av ruteselskapa i fylket.

## 9.2 Luster

Luster	Eit godt hybelliv	Luster vgs	40.000
	Eit godt hybelliv	Luster vgs	25.000
	Skape uformelle møteplassar	Gaupne ungdomslag	15.000
	Skape uformelle møteplassar	Hafslo bygdelag, Luster vgs, Hafslo barne- og ungdomsskule	35.000

*Skape uformelle møteplassar:* Samarbeidsprosjekt (prosjekt 1 i Luster) for heimebuande ungdom og hybelbuande ungdom i Luster. Hafslo bygdelag står som søkar. Tilskot kr 20.000. I søknaden til prosjekt 3 i kommunen går det fram at Luster bygdelag har problem med å realisere internettkafèen, då kommunen ikkje har følgd opp med å skaffe datamaskiner. Internettkafèen skulle plasserast i Hafslo samfunnshus og i Gaupne. Internettkafèen i Gaupne er realisert.

*Eit godt hybelliv:* prosjekt 2 i Luster: støtte til Luster vidaregåande skule, konkret til miljøarbeidar. Tilskot kr. 40.000.

*Skape uformelle møteplassar:* Prosjekt 3 i Luster: Luster vgs og Hafslo barne- og ungdomsskule og Hafslo bygdelag står som søkar. Ungdomsgruppa som held til i bygda på ettermiddag- og kveldstid utgjer om lag 150 personar, og fleirtalet av desse deltek ikkje eller i lita grad i organiserte aktivitetar. I søknaden peikar dei på at hybelbuarane er særleg utsette. Luster vg vil ha ope 1-2 kveldar i veka, Hafslo bygdelag med Internettkafè i nabobygget, og biblioteket i samfunnshuset, også i same området ope basert på dagnadsdrift. Miljøarbeidaren som finansierast i prosjektet "eit godt hybelliv" vil fungere som vaksenkontakt og ha tilsyn

Målet er å skape eit ope miljø mellom Luster vgs og Samfunnshuset. Ungdomane skal kunne møtast på ein uformell måte, velje mellom ulike aktivitetar og likevel ha ein fast tilhaldsstad. Planar for tiltak:

- Samarbeid mellom Hafslo bygdelag, administrasjon og elevråda på dei to skulane.
- Nytte utstyr og lokale ved Luster vgs og Hafslo samfunnshus, og halde desse opne for ungdommane i bygda ettermiddag og kveldstid 1 til 2 gonger i veka.
- Legge til rette for aktivitetar av ulike slag på Luster vgs (TV/video, bordtennis, dart, temakveldar og liknande.)
- Ha ein vaksen person tilgjengeleg både som tilsyn og som vaksenkontakt.
- Lage tiltaksplan saman med elevråd på begge skulane og bygdelaget kvar haust og evaluere kvart halvår.
- Dansekurs med instruktør, 8 kveldar à 2 timar.
- Temakveldar:
  - Trivselfremjande og rusførebyggande tiltak
  - Livreddande fyrstehjelp, Røde kors

- Halde biblioteket som ligg i tilknytning til Internettkafèen open, samtidig med dei andre aktivitetane.

### 9.3 Sogndal

Sogndal	Rusførebygging	Sogndal ungdomskule	25.000
	Eit godt hybelliv	Solhov ungdomsklubb, kommunen	30.000
	Skape uformelle møteplassar	Norane nærmiljøgruppe, Norane Ungdomsklubb	10.000

I referat frå møte i Ungdomsrådet i Sogndal kommune (datert 13.04.00) presenterer ein diskusjon om kriminalitetsførebyggande arbeid. Dette skrivet seier noko om korleis Ungdomsrådet vurderer spørsmål om rusmiddel og kriminalitet, og kva ein meiner kan gjerast noko med. I eit notat frå oppvekstgruppa 19.01.00, gjev ein ei samla framstilling av resultat i ulike spørjegranskingar, om oppvekstmiljøet i kommunen, utvikling og levekår, trivsel, rusmiddelbruk. Dette er bakgrunnsmateriale for søknaden frå kommunen til Ung i Sogn og Fjordane.

*Eit godt hybelliv* Prosjekt 1 i Sogndal, tiltak for hybelbuarar på Solhov (bygning eigd av Sogndal ungdomslag). I tildelinga viser fylkeskommunen til at "Ungdom i tettstad" er ei aktuell finansieringskjelde i tillegg til dei 30.000 som vart tildelt her. Referat frå arbeidsgruppe "møteplass" viser at ungdomen sine egne ønskjer skulle vere sentrale – gruppa stiller også spørsmål til Ungdomsrådet i kommunen om kven skal bestemme kva aktivitetar som skal vere i Solhov. Referatet skisserer arbeidsgruppa kva som er viktig for dei, dette samsvarer i kva som ligg i planen for aktivitetar i søknaden:

- "Kafèen – husets hjerte"
  - Open 4-6 ettermiddagar/kveldar i veka
  - Mattilbod i kafèen, m. enkle middagsrettar
  - I vaksenperson på jobb i opningstida
  - Internett, TV/videokrok, lesestol, gode bord å ete ved
  - Serveringsdisk
- Musikkverkstad
- Ulike arrangement og eigenaktivitetar – utnytting av sal med scene og eit mindre diskotek. Desse romma kan og nyttast til samarbeid med andre institusjonar, lag og organisasjonar.

Ungdomsrådet og arbeidsgruppa av ungdomar har diskutert kven som skal vere ansvarleg for drift av kafèen, ungdomane: ungdomane sjølve, miljøarbeidaren: ein vaksen på jobb i arbeidstida. Prinsippet om at ungdomane sjølve skal bestemme, ser ut til å ha vore viktig.

I sluttrapport frå kommunen ser vi at Solhov-planane fall ut, men i samarbeid med Studentsamfunnet har arbeidsgruppa vederlagsfritt fått bruke studenthuset Meieriet i Sogndal ein ettermiddag i veka, og midlane har vore nytta til innkjøp av utstyr. Etter oppstart fall engasjementet hos ungdomane i arbeidsgruppa. I rapporten skriv dei at marknadsføringa hadde ikkje vore god nok. Vidare erfaringar er at ungdomen ikkje stilte nok opp til frivillig innsats i drift av "Tankenkafèen". Kommunen og studentsamfunnet har fått sivilarbeidarar som skal arbeide vidare med prosjektet, mellom anna med å skape betre innhald i kafèen. Solhov fritidsklubb i same perioda har auka medlemstalet. Ei viktig erfaring frå prosjektet er at ein

”uformell møteplass må ha noko meir som trekker folk” (sluttrapport 4.4.02), innhaldet er viktig.

*Skape uformelle møteplassar:* Prosjekt 2 i Sogndal, tildelt 10.000. Søkjar er Norane nærmiljøgruppe og Norane Ungdomsklubb. I prosjektet skulle pussast opp og kjøpast nytt inventar til møteplass i Fardal, internettkafè med kaffibar, kafè og husflidskrok i ein nedlagd butikk. Prosjektet er og knytt opp til eit anna prosjekt i fylket: Levande bygder. Ungdomane har vore med i utforming av prosjektet, og dei melder om god oppslutning frå andre i grenda.

- Oppussing på dugnad
- Ungdom og foreldre ta vakter i lag i helgane
- Skape ein arbeidsplass for 1 til 2 ungdommar
- Lokale handverkarar og kunstnarar til å stille ut og selje arbeida

*Rusførebygging:* Prosjekt 3 i Sogndal, tildelt 25.000, og søkar er Sogndal ungdomsskule. Prosjektet skulle nytte drama i 9. klasse som verktøy til å formidle aktuelle tema, med føremål å utvikle styrke og sjølvkjensle til å stå i mot press frå omgivnadane når det gjeld rusbruk og kroppsfiksing. Prosjektet skulle omfatte følgjende tema:

- Korleis det er å vere ung i Sogn og Fjordane
- Korleis ta vare på og betre utviklingsvilkåra for dei unge i fylket
- Korleis ta vare på bygdesamfunnet og gjere det til ein attraktiv stad å bu
- Korleis unge kan utvikle sjølvkjensle og styrke til å stå i mot press frå omgivnadane når det gjeld rusbruk og kroppsfiksing.

Prosjektet skulle involvere foreldra, og har samarbeid med fleire aktørar i kommunen, mellom anna politiet gjennom MOT-prosjektet. Fylkeskommunen viser også til prosjektet ”Eit positivt skulemiljø (Norsk kulturskuleråd), der prosjektet i Sogndal kan søke observatørstatus.

Andre prosjekt i Sogndal:

Helsestasjon for ungdom

Helsesøster plassert på skulen

Dialog med ungdomsgrupperingar om prioritering i kommunalt ungdomsarbeid.

Prosjekt ”Husvert” vert støtta med 50.000 som ein del av Eit godt hybelliv. Prosjektet er gjennomført av Studentsamskipnaden i Sogn og Fjordane (SISOF), og rettar seg mot hybelbuarar i Sogndal og Førde. SISOF har som mål og tilby ein trygg og god stad å b. Hovudmål for dette prosjektet var å auka trivselen for dei som bur i bustadane til samskipnaden, og som delmål å betre kommunikasjonen mellom leigebuarar og samskipnaden.

”Husverten” vart rekrutterte i studentgruppa, og hadde følgjande oppgåver:

- Besøksrunder
- Konfliktmekling
- Arrangere sosiale aktivitetar

SISOF konkluderer i sluttrapporten sin at røynslene deira er så bra at dei vil vidareføre ordninga i Sogndal.

## 10. Oppsummering

Delrapport 1 i evalueringa drøfter om unge har vore involvert i utvikling av tiltaka, både direkte, men og kor vidt tiltaka dekker område unge meiner er viktig for at dei skal trivast. Målet med delrapport her er å gje ei samla oversikt over tiltaka, og rapporten er reint deskriptiv.

Rapporten presenterer prosjekta med fokus på organisasjon og ramme (økonomi og målsetjing) for prosjekta. Presentasjonen er meir detaljert i tre kommunar.

Vi ser eit stort aktivitetsnivå gjennom mange år, og aktivitet på mange områder.

Tiltaka representerer ei stor breidde tematisk, og dekkjer såleis mange sider i livet til dei unge. Ungdomar er ulike, og har ulike behov. Breidda i innsatsområda gjer at ein kan argumentere for at dei treff mange ulike grupper ungdomar.

Ikkje alle prosjekta er gjennomførte, medan andre har hatt stor livskraft og lever vidare. Det er viktig at prosjekta har ei forhistorie, med mange ulike aktørar. Slik sett representerer Ung i Sogn og Fjordane ei vidareføring, og gjer at ulike aktørar samarbeider i ei ny ramme. Nokre har eit etablert samarbeid, andre er nye for kvarandre både lokalt og på fylkesnivå. Dette har vore viktig for å kome nærare statlege målsetjingar om samordning av aktivitetar.

Gjennomgangen viser at dei fleste kommunane har vore involverte, og har fått støtte til eit eller fleire tiltak. Men det er stor skilnad på tal på prosjekt i kommunane og summen på løyvingane totalt til den einskilde kommunen. Dette viser sannsynlegvis like mykje at kommunar som har fått mykje har tradisjon og organisasjon som kan ta seg av å følgje opp søknadsarbeid. Det er relativt få søknadar som har fått avslag totalt sett. Samstundes er det viktig å merke seg at dette ikkje nødvendigvis er samsvar mellom tiltaksnivå og tilskot til prosjekt frå Ung i Sogn og Fjordane.

I intervju seier ungdomsrepresentantar at dei er stolte over å ha vore med å utvikle Ung i Sogn og Fjordane. For nokre har det ført til at dei identifiserer seg meir med fylket, og har lyst å bruke ressursane sin til å utvikle regionen. Dette er ei side ved medverknad frå unge ein bør merke seg. Tiltaka er viktige i seg sjølve, men det er kanskje like viktig at dei unge har eit direkte eigarforhold. Unge kan tru på at det nyttar å legge innsats i medverknad, og tanken på at ein har vore med å gjort fylket betre for ungdom skapar identitet, tilhøyre og lyst til å leve her.